

ÅRSRAPPORT

2016

 Forsvarsbygg

VI BYGGJER
FORSVARSEVNE
KVAR DAG

INNHALD

KAPITTEL 1 RAPPORT FRÅ LEIAREN	s. 04
--	-------

KAPITTEL 2 INTRODUKSJON TIL VERKSEMDA OG NØKKELTAL	s. 07
Samfunnsoppdraget til Forsvarsbygg	S. 08
Organisasjon og leiging	S. 08
Samarbeid med andre	s. 09
Måla våre	s. 09
Nøkkeltal	s. 09
Bygningsmassen	s. 09
Organisasjonskart	s. 10

KAPITTEL 3 AKTIVITETAR OG RESULTAT FOR ÅRET	s. 11
Samla vurdering	s. 12
Mål L1	s. 13
Mål L2	s. 16
Mål Ø1	s. 18
Mål I1	s. 19
Rapport for ressursbruk	s. 22
Bemanningssituasjonen vår	s. 24

KAPITTEL 4 STYRING OG KONTROLL	s. 26
Styringssystem	s. 27
Mål- og resultatstyring	s. 27
Riksrevisjonen	s. 27
Risikostyring og internkontroll	s. 28
Tryggleik og beredskap	s. 28
Informasjonstryggleik	s. 28

KAPITTEL 5 FRAMTIDSUTSIKTER	s. 29
Mål L1	s. 30
Mål L2	s. 30
Mål L3	s. 30
Mål Ø1	s. 31
Mål I1	s. 31
Nytt organisasjonskart	s. 32

KAPITTEL 6 ÅRSREKNESKAP	s. 33
Leiingskommentar til årsrekneskapen for 2016	s. 34
Årsrekneskap med notar	s. 35

FORSIDEBILETE:

Jarfjord grensestasjon.FOTO: FORSVARSBYGG





VI ER DER
FORSVARET
ER

9,5

Forsvarsbygg omsette for 9,5 milliardar kroner.

545

Forsvarsbygg hadde 545 aktive investeringsprosjekt i ulike fasar.

413,7

Forsvarsbygg tilbakeførte 413,7 millionar kroner til forsvarsbudsjetta frå sal og avhending av forsvarseigedom.

2 882 727

Forsvarsbygg har sidan 2011 avhenda 2 882 727 kvadratmeter.

20 922

20 922 kvadratmeter vart avhenda.

4 070 555

Forsvarsbygg forvaltar ein bygningsmasse på 4 070 555 kvadratmeter.

12 878

Forsvarsbygg forvaltar 12 878 bygg og anlegg i heile landet.

3,7

3,7 millionar menneske besøkte festningane.

136

I perioden 2012–2016 har Forsvarsbygg redusert energiforbruket med 136 GWh.

136 630

Forsvarsbygg selde totalt 136 630 rådgjevingstimar.

KAPITTEL **1**

RAPPORT FRÅ LEIAREN



VI BYGGJER FORSVARSEVNE KVAR DAG

2016 har vore prega av god måloppnåing, betydeleg forbetningsarbeid og oppstart av organisasjonsendringar for å tilpasse oss krava for framtida.

2016 HAR VORE EIT GODT ÅR

Vi har hatt ein positiv framgang på måloppnåinga vår, med god måloppnåing på tre av fire mål. Vi har hatt høg aktivitet gjennom året, og har produsert vedlikehald og byggjeprojekt for 1,1 milliardar kroner meir enn fjoråret. Dei gode resultatata har vi skapt med færre tilsette, samtidig som vi har effektivisert verksemda vår med 65 millionar kroner sidan 2012. Vi kan såleis konkludere med at Forsvarsbygg i 2016 har bidrege godt til å byggje forsvarsevne.

EIGEDOMSEKSPERTEN TIL FORSVARSEKTOREN

Vi ivaretek eigedomsinteressene til forsvarssektoren som ein del av oppdraget vårt om å understøtte Forsvaret si operative evne og beredskap. I 2016 har vi jobba mykje med støyutfordringar som kan oppstå som følgje av behovet Forsvaret har for øving og trening, og vi har utarbeidd ein statleg eigarstrategi for Bodø flystasjon som følgje av den komande avviklinga av kampflyaktiviteten ved basen. Spisskompetansen vår på sikring av bygg er viktig for Forsvaret og unik i staten. Vi blir difor stadig meir brukte som rådgjevarar i andre samfunnskritiske eigedomsprosjekt. I 2016 har vi hatt enkelte rådgjevingsoppdrag for Forsvaret i samband med innføring av ålmenn verneplikt, og har på oppdrag frå Forsvaret gjennomført tiltak i kasernar på Madla og Huseby.

BYGGJEPROSJEKT

I 2016 har vi gjennomført byggjeprojekt for om lag 3 milliardar kroner over heile landet til avtalt kvalitet og innanfor dei gjevne rammene. Jarlfjord grensestasjon i Sør-Varanger og helikopterbase på Haakonvern vart ferdigstilte. Det er i 2016 arbeidd med standardisering og erfaringsoverføring mellom byggjeprojekta, med mål om at kostnadene blir så låge som mogleg. Dette arbeidet blir også svært sentralt i tida framover.

Kampflybasen på Ørlandet er det viktigaste byggjeprojektet vårt, og har i løpet av 2016 gått inn i den mest hektiske fasen. Planlagde og pågåande prosjekt som er kritiske for mottak av dei første kampflya hausen 2017 er i rute. Etableringa av ny kampflybase råkar mange enkeltmenneske, og det er viktig for oss å behandle råka partar med forståing og innanfor gjeldande lovgjeving. Vi har framleis eit

krevjande arbeid framføre oss knytt til eigedomsserverv og gjennomføring av nødvendige støyreducerande tiltak.

NØKTERN OG VERDIBEVARANDE FORVALTNING

Med over 12 000 bygg og anlegg spreidde over heile landet forvaltar vi den største offentlege eigedomsporfølja i Noreg. I 2016 brukte vi meir middel enn tidlegare år til vedlikehald, noko som gav oss gode høve til å gjennomføre fleire planlagde vedlikehaldstiltak. For festningane viser ei fleirårig satsing ei positiv utvikling i tilstandsgrad. For resten av den samansette eigedomsporfølja ser vi motsett utvikling. På oppdrag frå Forsvarsdepartementet har vi difor sett i gang eit arbeid med å sjå på samanhengar mellom tilgjengelege årlege rammer, og utviklinga i tilstanden på eigedomane. Ein foranalyse blir ferdigstilt i løpet av første tertial 2017. Forsvarsbygg avhendar bygg og eigedom som ikkje lenger skal brukast av Forsvaret, eller som har blitt upassande for føremålet. I 2016 vart 413,7 millionar kroner frå avhendingsverksemda overført forsvarsbudsjetta til høgare prioriterte oppgåver.

FOKUSERT MILJØARBEID MED GODE RESULTAT

Energileiing, bruk av fornybar energi og redusert ressursbruk er viktige element i leveransane våre. I 2016 avslutta vi fase II av energileiingsprogrammet vårt. Sidan 2012 har vi, saman med Forsvaret og Enova, redusert den årlege energibruken på dei dryge 12 000 bygga og anlegga til sektoren med 136 GWh. Dette er godt over målet på 93 GWh. For Forsvarsbygg betyr kvar GWh spart rundt ein million kroner. Eit framleis sterkt fokus på energileiing vil vere avgjerande for å sikre kostnadskontroll på forsynings-sida framover.

I desember 2015 overleverte vi det første nullenergibygget til sektoren, administrasjonsbygget Vislund på Haakonvern. Energirekneskapan frå første driftsår plasserer bygget heilt i teten blant dei mest energieffektive kontorbygga i Noreg. Prosjektet har vist at nullenergibygget er fullt mogleg å realisere utan dyre og kompliserte løysingar, og har stor overføringsverdi til framtidige byggjeprojekt.

Vi gjer tidlegare militære skyte- og øvingsområde tilgjengeleg for rekreasjon og friluftsliv for innbyggjarane våre. I 2016 har vi miljøsanert dei utrangerte skyte- og øvingsfeltta Gimlemoen ved Kristiansand, Marka i Farsund og Persnes i Fredrikstad.

SAMFUNNSANSVARET VÅRT

Festningane er nasjonale kulturminne og kulturmiljø som er opne for publikum. 3,7 millionar besøkte ein av dei 14 festningane våre i 2016, noko som er ein auke på 400 000 samanlikna med 2015. Nasjonalt kompetansesenter for sikring av bygg har i 2016 utført mange oppdrag for annan offentleg sektor innanfor tryggleiksfagleg rådgjeving. Dette er eit viktig arbeid som gjer oss til ein etterspurd leverandør i marknaden. I 2016 gav vi ut ein oppdatert versjon av Sikringshandboka. Med boka gjer vi spisskompetansen og erfaringa vår frå Forsvaret tilgjengeleg for alle som jobbar med førebyggjande tryggingstiltak i Noreg.

Som den største eigeomsaktøren i Noreg har vi eit særleg ansvar for å fremje seriøsitet og gode arbeidstilhøve. I 2016 har Forsvarsbygg og Skatteetaten underteikna ein avtale om felles innsats mot kriminalitet i arbeidslivet. Avtalen vil gjere det lettare for Forsvarsbygg å velje leverandørar og underleverandørar som opptre i tråd med norsk skatte- og avgiftslovgjeving.

UTFORDRINGAR FRAMOVER

Ein ny langtidsplan for forsvarssektoren er vedteken for perioden 2017-2020. Ambisjonen er å gje Forsvaret ein berekraftig struktur og relevant kampkraft for framtida. Forsvarsbygg er til for Forsvaret. Oppgåva våre er å understøtte utviklinga gjennom å vere ein kostnadseffektiv støttefunksjon og sikre ei mest mogleg effektiv eigeomsportefølje. Utgreingar i forsvarssektoren dei siste to åra har avdekt eit betydeleg effektiviseringspotensiale. Vi skal ta ut delen vår. Krava til innsparing innan utgangen av 2020 er

på ein kvart milliard kroner. Det får konsekvensar for korleis vi er organiserte, lokaliserte og tenestene vi skal levere i åra framover.

I 2016 slutta vi å levere reinhaldstenester til Forsvaret, som eit ledd i både å effektivisere leveransen i sektoren og rein-dyrke rolla vår som eigeomsseksperter i sektoren. Totalt vart 223 medarbeidarar overførte til ISS Facility Services, den nye leverandøren til forsvarssektoren av reinhaldstenester. 84 vart overførte til Forsvaret. Ytterlegare endringar står framføre oss. Ny organisasjonsstruktur vil vere på plass i løpet av første halvår 2017. Bemanninga vil bli tilpassa både organisering og mengda av oppgåver, og vi kan ikkje utelukke noko overtalighet.

FORSVARLEG FORVALTNING

Forsvarsbygg har levert eit godt resultat innanfor ramma av forsvarleg forvaltning og krava sektoren har til haldningar, etikk og leiing. Risikoreduserande tiltak følgjast opp som ein integrert del av verksemdsstyringa. I dei komande åra skal vi fortsetje å skape gode resultat gjennom forsvarleg forvaltning, evna til systematisk læring, forbetring av arbeidsprosessar og standardisering av leveransane våre. Riksrevisjonen hadde ingen merknader til rekneskapen til Forsvarsbygg for 2015.



Svein Thorbjørn Thoresen

Direktør

FORSVARSBYGG

KAPITTEL

2

INTRODUKSJON TIL VERKSEMDA OG HOVUDTAL



STORTINGET



FORSVARSDEPARTEMENTET



FORSVARSMATERIELL

FORSVARSBYGG

FORSVARET

NASJONAL
TRYGGLEIKS-STY-
RESMAKT

FORSVARETS
FORSKNINGS-
INSTITUTT

Forsvarsbygg er ein etat i forsvarssektoren.

Forsvarsbygg er eit statleg forvaltningsorgan underlagd Forsvarsdepartementet. Vi utviklar, byggjer, driftar og avhendar eigedom for forsvarssektoren.

SAMFUNNOPPDRAGET TIL FORSVARSBYGG

Det viktigaste arbeidet til Forsvaret er å forsvare landet vårt. Oppgåva til Forsvarsbygg er å syte for at Forsvaret har effektive og fleksible fasilitetar for å øve, lære og bu, og kostnadseffektive løysingar som gjer at ressursar frigjerast til å styrke kjerneverksemda til Forsvaret. På den måten bidreg vi til å byggje forsvarsevne, kvar einaste dag.

Rådgeving innan sikring av bygg, kulturminnevern og avhending er også viktige bidrag til å frigjere middel for å styrke den operative evna til Forsvaret. Ringverknadene av aktivitetane til Forsvarsbygg treffer innbyggjarane i heile Noreg, både i og utanfor Forsvaret.

Forvaltningsmodellen til forsvarssektoren synleggjer kostnadene for eigedom, bygg og anlegg (EBA) og gjer forvaltninga effektiv. Forsvarsdepartementet eig eigedomane som forsvarssektoren brukar, og avgjer korleis desse skal brukast og utviklast. Forsvarsbygg har ansvaret for å utvikle, byggje, vedlikehalde og drifte EBA som forsvarssektoren betaler leige for. Forsvaret er leigetakar og brukar. Dei prioriterer ut frå sine behov og stillar krav. Forvaltningsmodellen er vedteken av Stortinget.

VI PLANLEGG, BYGGJER OG DRIFTAR

Forsvarsbygg ivaretek EBAen til forsvarssektoren. Vi syter for alle oppgåver innanfor utvikling, bygging, utleige, drift og vedlikehald.

VI VERNAR OG SIKRAR BYGG OG ANLEGG

Nasjonalt kompetansesenter for sikring av bygg (NKS) er rådgevingaren staten brukar for vern og sikring av EBA mot eksplosjonsulykker, terrorhandlingar, spionasje og annan kriminalitet. Kompetansesenteret leverer tryggleiksfagleg rådgeving til alle større byggjeprosjekt i forsvarssektoren og staten elles.

VI TEK VARE PÅ MILJØET

Forsvarsbygg har eit særleg ansvar for miljøutfordringane i

forsvarssektoren. Vi har den fremste kompetansen i landet på miljøutfordringar innanfor forureining og støy frå militær aktivitet og øvingar. Stadig meir spesialiserte krav for sektoren blir ivaretekne og oppfylte.

VI TEK VARE PÅ KULTURMINNE

Både verna og ikkje-verna bygningsmasse utgjer ein stor samfunnsmessig ressurs med mykje potensial. Den kulturminnefaglege rådgevinga vår bidreg til løysingar for å ivareta kulturminneinteresser og sameine verneomsyn med optimal bruksfunksjon. Vi gjev råd til heile den offentlege sektoren.

VI SKAPER NYTT LIV PÅ HISTORISK GRUNN

Forvaltninga av dei nasjonale festningane handlar om å gjere festningane tilgjengelege for publikum heile året. Vi legg til rette for utvikling av festningane i ein forretnings- og samfunnsmessig balanse som er verdiaukande og med mål om auka sjølvfinansiering.

VI AVHENDAR EIGEDOM

Forsvarsbygg avhendar militære eigedomar som er tekne ut av teneste. Avhendinga omfattar alt frå sal til miljøoppdydding, tilrettelegging for sivil bruk og prosessen fram til nye eigarar tek over. Dette tilfører middel til forsvarsbudsjettet og frittek forsvarssektoren for framtidig drifts- og oppdyddingsansvar.

ORGANISASJON OG LEING

Forsvarsbygg er i dag den største offentlege eigedomsaktøren. Vi ivaretek behova til Forsvaret gjennom planmessig vedlikehald og fornying av den totale eigedomsportefølja med 12 878 bygg og anlegg, på totalt 4 070 555 kvadratmeter bygningsmasse, fordelt over heile landet. I 2016 omsette vi for 9,5 milliardar kroner. Sidan 2001 har vi avhenda over 2 882 727 kvadratmeter uhøveleg eigedom. Sal av eigedom har gjort at sektoren har fått tilbakeført 3,9 milliardar kroner netto til å styrke den operative evna til Forsvaret. Vi har 1372 tilsette fordelt på 1297 årsverk. Vi er til stades der Forsvaret er, i 347 av dei 428 kommunane i landet. Hovudkontoret vårt er i Oslo.

Bygge- og rehabiliteringsprosjekta våre spenner breitt frå bustad- og kontorbygg til ny kampflybase, ny helikopterbase i Bardufoss og Haakonsværn og ny grensestasjon i Sør-Varanger. Prosjekta gjennomførast innan vedtekne rammer for økonomi, tid og kvalitet. Årleg har vi om lag 550 større og mindre investeringsprosjekt i ulike fasar over heile landet, og investerer om lag 3 milliardar kroner.

SAMARBEID MED ANDRE

Vi samarbeider tett med andre etatar i sektoren, mellom anna om forskning og utvikling på sikring av EBA. Vi har rammeavtalar med profesjonelle aktørar i EBA-bransjen knytte til byggeprosjekta våre, og alle innkjøpa er gjort etter konkurranse i marknaden.

MÅLA VÅRE

- **L1** Nøktern og verdibevarande forvaltning av EBA i Forsvarssektoren
- **L2** Miljøriktig planlegging, bygging og forvaltning av EBA i forsvarssektoren
- **Ø1** Resultat i samsvar med budsjett og kostnadseffektiv drift av verksemda
- **I1** Forbetra evne til forsvarleg forvaltning

For å nå desse måla har vi sett oss fire interne mål. Måla blir ivaretekne av etatssjef og rapportert ikkje til Forsvarsdepartementet.

- Sikre omdømme, posisjon og gode kunderelasjonar
- Effektive verdiskapingsprosessar og konkurransedyktige leveransar
- Vere ein attraktiv arbeidsplass
- Riktig kompetanse til rett tid

Frå og med 2017 har vi eit nytt eksternt målbilete. Vi omtalar dei nye måla i kapittel 5, Framtidsutsikter.

NØKKELTAL 2012-2016


	2016	2015	2014	2013	2012
Talet på årsverk	1297	1581	1556	1523	1426
Samla tildeling post 01-99 (millionar kroner)	6 521 358	5 984 345	5 810 166	5 868 136	5 567 159
Utnyttingsgrad post 01-29	102,7 %	102,2 %	98,4 %	99,1 %	98,6 %
Sum driftskostnader (millionar kroner)	5 647 794	5 217 172	5 323 815	5 258 703	5 047 655
Delen investeringar	44,4 %	39,5 %	41,1 %	37,9 %	35,9 %
Lønsdel av driftskostnader	16,3 %	20,2 %	20,8 %	19,6 %	18,8 %
Lønskostnader per årsverk (heile tusen)*	710	668	713	678	666
Seld forsvarseigedom for (millionar kroner)	346	235	300	437	502
Investeringsaktivitet i egne bygg og anlegg (millionar kroner)	2571	2 536	2 779	2 255	2 112
Driftsresultat overført til Forsvarsdepartementet (millionar kroner)**	636	913	805	816	850

*I 2016 slutta vi å levere reinhaldstenester til Forsvaret. Snittløn kan difor ikkje samanliknast med tidlegare år.

** Nedgangen kjem av at det i 2015 var eit større mindreforbruk som vart overført til 2016.

Alle tala er indeksregulerte.

BYGNINGSMASSEN



ORGANISASJONSKART



DIREKTØR
Svein Thorbjørn Thoresen

STAB



STRATEGI OG UTVIKLING
Ragnar Bjørgaas



ØKONOMI
Cecilie Stadaas



KOMMUNIKASJON
Jeanette Christensen



INTERNKONTROLL
Dag Westby

VERKSEMDSOMRÅDE



FORSVARSBYGG
EIGEDOM
Haakon Øberg



FORSVARSBYGG
UTVIKLING
Erik Øimoen



FORSVARSBYGG
KAMPFLYBASE
Olaf Dobloug



FORSVARSBYGG
UTLEIGE
David Halvorsen



FORSVARSBYGG
NASJONALE
FESTNINGSVERK
Nina Eidem



FORSVARSBYGG
SKIFTE EIGEDOM
Marit Jakobsen
Leganger



FORSVARSBYGG
FUTURA
Steinar Lie



FORSVARSBYGG
FELLESTENESTER
Bjørn Georg Hagen

KAPITTEL 3

AKTIVITETAR OG RESULTAT FOR ÅRET

Forsvarsbygg rapporterer på mange målområde. Vi har nådd effektiviseringskravet, og levert gode resultat på miljøvenlege løysingar. Vi har samtidig ei utfordring med å oppretthalde tilstandsgraden på eigedom, bygg og anlegg (EBA) til forsvarssektoren.

SAMLA VURDERING

Forsvarsbygg har god måloppnåing på tre av fire mål i 2016. Dette er ei forbetring frå fjoråret.

RESSURSBRUK

I 2016 omsette vi for 9,5 milliardar kroner. Dette er ein auke på rundt 2 milliardar kroner, som i hovudsak kjem av etableringa av kampflybasen på Ørland. Frå 2015 har vi hatt ein auke i driftskostnader på 1,1 milliardar kroner som følgje av auka aktivitet. Tenestekjøp utgjorde 78 prosent av driftskostnadene, når ein held avskrivningar utanfor. Dei samla lønskostnadene var på 15 prosent i 2016, mot 17 prosent i 2015. Avskrivingskostnader på varige driftsmiddel og immatrielle egedelar utgjør 2 prosent medan andre driftskostnader utgjorde 5 prosent.

REKNESKAPEN

Etter kontantprinsippet viser dei økonomiske resultatata ei mindretgift på driftskapitla på 19,7 millionar kroner. Dette er godt innanfor målkrevet. For investeringsverksemda som heilskap vart omsetninga lågare enn tilgjengelege rammer, som følgje av forseinka oppstart av fleire delprosjekt på kampflybasen på Ørland. Effektiviseringskrava sett til Forsvarsbygg i 2016 er innfridde.

MILJØ

Forsvarsbygg har over fleire år jobba langs mange dimensjonar for å bidra til eit betre miljø. Vi har oppnådd gode resultat innanfor energisparing der vi har redusert forbruket med 136 GWh gjennom energioppfølging og tekniske tiltak for energieffektivisering i eksisterande bygg. Dette resultatet er langt over kravet på 93 GWh. Vi har oppnådd resultatkrava for reduksjon av CO₂-utslepp ved å fase ut bruk av fossilt brensel til oppvarming til fordel for meir miljøvenlege energibærarar. I 2016 har vi miljøsanert dei utrangerte skyte- og øvingsfelta Gimlemoen ved Kristiansand, Marka i Farsund og Persnes i Fredrikstad.

EFFEKT FOR FORSVARSSEKTOREN OG SAMFUNNET

I 2016 ferdigstilte vi 36 investeringsprosjekt av i alt 545 pågåande prosjekt i ulike fasar. Vi har utført 94 prosent av det planlagde vedlikehaldet på bygningsmassen.

At vi er til stades over store delar av landet, gjer oss til ein viktig bidragsytar for både lokal og nasjonal sysselsetjing.

Vi bidreg til å skape nytt liv på historisk grunn ved å leggje til rette for aktivitet på dei nasjonale festningsverka. Festningane vart i 2016 besøkte av 3,7 millionar menneske, ein auke på heile 400 000 frå året før. Ei publikumsundersøking gjort av TNS Gallup viser svært høg tilfredsheit ved besøk på festningane. Det stadfestar posisjonen festningane har som viktige nasjonale kulturminne, og som arenaar for rekreasjon, kultur- og næringsverksemd.

Rådgevingstilgjenginga våre innan vern og sikring av eigedom, bygg og anlegg, kulturminneforvaltning og avhending av offentleg eigedom sit på leiande kompetanse i Noreg. Dette er kompetanse som kjem både forsvarssektoren og samfunnet elles til gode gjennom til saman 23 314 selde rådgevingstimar. Dette er ein auke på 1,5 prosent frå året før. 15 922 av timane er knytte til arbeidet med å sikre Noreg gjennom Nasjonalt kompetansesenter for sikring av bygg.

Vi avhendar eigedom som Forsvaret ikkje lengre skal bruke. Gjennom sal og miljøsanering bidreg vi til å transformere tidlegare militære eigedomar til ny sivil bruk. Etter at kostnader til riving, sikring og miljøsanering er trekte frå, leverte vi i 2016 413,7 millionar kroner tilbake til forsvarsbudsjetta til bruk for høgare prioriterte føremål i sektoren. Avhending av overflødig eigedom bidreg også til å redusere dei samla driftskostnadene til eigedom, bygg og anlegg som forsvarssektoren har.

Vi har i 2016 starta ei rekkje forbetnings- og effektiviserings tiltak. Målet er å auke kvaliteten, spare kostnader og frigjere ressursar som kan bidra til den operative evna til Forsvaret.

TENESTEYTINGAR ELLER LEVERANSAR			MÅLOPPNÅING <table border="1"> <tr> <td>God</td> <td></td> </tr> <tr> <td>Akseptabel</td> <td></td> </tr> <tr> <td>Ikkje akseptabel</td> <td></td> </tr> </table> FORKORTINGAR <table border="1"> <tr> <td>Tenesteytingar eller leveransar</td> <td></td> </tr> <tr> <td>Økonomi</td> <td></td> </tr> <tr> <td>Interne prosessar</td> <td></td> </tr> </table>	God		Akseptabel		Ikkje akseptabel		Tenesteytingar eller leveransar		Økonomi		Interne prosessar	
God															
Akseptabel															
Ikkje akseptabel															
Tenesteytingar eller leveransar															
Økonomi															
Interne prosessar															
ØKONOMI															
INTERNE PROSESSAR															
MENNESKE, LÆRING OG UTVIKLING															

MÅL L1

NØKTERN OG VERDIBEVARANDE FORVALTNING AV EIGEDOMAR, BYGG OG ANLEGG SOM TILHØYRER FORSVARSSEKTOREN.

Vi skal utføre oppgåver etter dei retningslinjene Forsvarsdepartementet fastset for EBA. Når det gjeld investeringar i EBA, skal vi levere riktig avgjerdsgrunnlag som sikrar nøktern, kostnadseffektiv EBA i eit livsløpsperspektiv. Investeringane vi gjer i EBA skal gjennomførast i samsvar med investeringsplan godkjend av Forsvarsdepartementet. Eigedomsregisteret vårt skal vere oppdatert med korrekt eigedomsinformasjon.

Vi skal oppretthalde verdiane og sikre at eigedomsporfølja er tilpassa framtidige behov i forsvarssektoren. Vidare skal vi medverke til å redusere dei samla driftsutgiftene i sektoren ved å selje eller rive eigedomar som Forsvaret ikkje lenger har bruk for. Forsvarssektoren skal sikrast best moglege rammevilkår for verksemda si når det gjeld bruk og disponering av areal.

SAMLA VURDERING AV MÅLOPPNÅING Vi leverer akseptabelt på målet i 2016.

I 2016 har vi levert eit svært tilfredsstillande investeringsresultat innanfor tilgjengeleg ramme. Vi har hatt 545 investeringsprosjekt med varierende kompleksitet i ulike fasar over store delar av landet. Forsvarsbygg har jobba

langsiktig med kompetanseheving innan prosjektleiing, noko som har bidrege til å styrke gjennomføringsevna vår i prosjekt på investeringssida. Vi har også igangsett fleire forbetningsprosjekt som skal bidra til meir effektive arbeidsprosessar. Basert på rekneskap etter kontantprinsippet har vi for 2016 eit resultatavvik på 14 prosent mot investeringsramma på 3,5 milliardar kroner. Det har gjennom heile 2016 vore ein aukande del av prosjekt innan kategorien «Spesialprosjekt». Dette omfattar andre oppdrag internt i forsvarssektoren og mot eksterne statlege einingar, mellom anna justissektoren. Denne kategorien ser ut til å auke i volum i åra som kjem.

Kampflybaseprosjektet har i løpet av 2016 gått inn i den mest hektiske fasen. Ein betydeleg del av prosjektportefølja på Ørlandet er no i gjennomføringsfasen, men fleire store prosjekt er framleis i tidlegfase, som eigedomsservy, støytiltak og hangarar.

Førebuingane til å etablere Quick Reaction Alert (QRA) på Evenes er komne godt i gang, og er samordna med nytt oppdrag om å etablere Evenes som base for mellom anna nye maritime overvakingsfly. Arbeidet gjennomførast i tett dialog med Forsvarsdepartementet og Forsvaret.

Resultatet for 2016 viser ei negativ utvikling av teknisk tilstand for utleigeportefølja, og er ikkje akseptabel i høve til målkravet. Forsvarsbygg har produsert betydeleg meir vedlikehald enn føregående år, og alle omsette middel i 2016 er brukte til verdibevarande føremål. Ikkje alle tiltak er av eit slikt omfang at dei gjev utslag på registrert tilstandsgrad. Resultatet for året viser i stort at vedlikehaldsetterslepet

og oppgraderingsbehovet har auka i 2016 samanlikna med 2015. Det knyter seg likevel noko uvisse til grunnlaget for rapportert tilstandsgrad for den ordinære utleigeportefølja. Årsaka er at vi har prioritert å ha så høg produksjon som mogleg heilt inn mot årsskiftet or å kunne omsetje alle tilgjengelege rammer, og at vi difor ikkje var heilt ajour med oppdateringar av tilstandsgraden. Desse oppdateringane skal gjennomførast og analyserast som ein del av grunnlaget for prioritering av ressursinnsatsen i 2017.

Festningsverka har ei positiv utvikling av tilstandsgraden. Dette kjem i hovudsak frå tilføring av fornyingsmiddel over fleire år, og auka vedlikehald gjennom auka inntekter og intern effektivisering.

I 2016 har vi analysert driftsprosessane i utleigeverksemnda vår, og tiltak for å effektivisere drifta og frigjere middel til auka vedlikehald, er i ferd med å bli implementert i heile organisasjonen.

Vedlikehald er ein viktig innsatsfaktor for å oppretthalde tilstandsgraden på portefølja. Det blir laga rullerande treårs vedlikehaldsplanar, og det har vore god oppfølging av gjennomføringa. Delen gjennomførte tiltak i 2016 er 94 prosent i høve til opphavleg plan, noko som blir rekna som eit godt resultat. Festningsverka har krav om årleg auke av vedlikehaldsinnsatsen, og dette er oppnådd. Ein annan viktig innsatsfaktor for å oppretthalde tilstandsgraden er komponentutskifting. Også her har produksjonen innanfor tilgjengelege rammer vore svært tilfredsstillande.

Forsvarsbygg har, i samband med årets oppdatering av EBA-investeringsplan 2017-2025, utarbeidd ein fornyingsplan i dialog med Forsvaret. Her har vi definert eit trettitals prosjekt, som har høg prioritet grunna HMS- og operative krav.

Forsvarsbygg gjekk inn i 2016 med liten risiko knytt til det økonomiske målkravet for avhendingsverksemnda. Prognosen for året var 415 millionar kroner, og årsresultatet vart 413,7 millionar kroner. I 2016 arbeidde vi med totalt 459 avhendingsprosjekt, fordelte på 109 miljøprosjekt og 350 salsprosjekt. Eit profilert salsprosjekt i året som gjekk var sal av dei siste bustadene til Forsvaret i Gors veg i Bergen. Desse vart selde i marknaden i desember, med overtaking og oppgjer i løpet av første kvartal 2017. Sala gav ei samla inntekt på 49,8 millionar kroner, medan verditaksten for eigedomane var på 28,6 millionar kroner. Verditaksten var kvalitetssikra både internt og eksternt, men greidde likevel ikkje å ta høgde for den ekstraordinære interessa desse salsobjekta fekk i marknaden.

I 2016 vart det avhenda 20 922 kvadratmeter, medan arealtilgangen til avhendingsportefølja vart på 53 220 kvadratmeter. Skifte eiendom tilbakeførte heile 60 588 kvadratmeter til utleigeportefølja i 2016, av desse er cirka 54 000 kvadratmeter areal som skal brukast av Forsvaret. Denne overføringa medførte også ein drastisk reduksjon i heftingsportefølja til Skifte eiendom, ei portefølje med restriksjonar som gjer at ho ikkje er mogleg å avhende. Denne er no på låge 2 235 kvadratmeter.

I 2016 har vi vore ein sentral rådgjevar i arbeidet med langtidspanen til Forsvaret. Bidraget vårt har vore å synleggjere effektiviseringspotensialet i EBA-portefølja, samt kostnadsutrekne og skildre dei EBA-messige konsekvensane av framlegga til strukturelle endringar i forsvarssektoren.

Langtidspanen skal bidra til at forsvarssektoren kraftsamlar aktivitet til etablering som ivaretek operative behov. Overføring av flyplassdrifta i Bodø, inkludert leige- og festeavtalar for nødvendige areal frå forsvarssektoren til Avinor AS, er gjennomført i tett samarbeid internt i sektoren. Flyplassdrifta på Rygge vart tilbakeført Forsvaret etter at det sivile driftsselskapet stansa drifta. Forsvarsbygg har støtta Luftforsvaret i denne prosessen. Luftfartskritisk areal på Værnes er seld, og sals- og leigeverdien for same type areal på Flesland er avklart gjennom rettsleg avtaleskjønn. Forsvarssektoren har ikkje teke stilling til om areala skal seljast eller leigast ut til Avinor. I denne prosessen står det att nokre avklaringar knytte til årleg indeksregulering av salssum og leigebeløp. For å redusere talet på rettslege avtaleskjønn har Forsvarsbygg gjeve innspel til Forsvarsdepartementet om prinsipp for bruk av rettsleg avtaleskjønn.

Landverneplan del 2 til forsvarssektoren er ferdigstilt og sendt over til Forsvarsdepartementet for vidare handsaming. Planen dekkjer i hovudsak perioden frå 1945 til 2000.

Forsvarsbygg ivaretek arealbruksinteressene til Forsvaret i sivile høyringssaker, og skal sikre best moglege rammevilkår for verksemnda til Forsvaret. I 2016 har vi vore involverte i innseiingsbehandling etter plan- og bygningslova i ei rekkje kommunar. Fleire saker har vore knytte til skyte- og øvingsfeltet til Forsvaret i sjø. Her har vi gjennom året også hjelpt Forsvaret i gjennomgang av framtidige nasjonale behov. For verneplansaker har fokuset vårt vore å ivareta unntaksvilkår for luftfartøya til Forsvaret. Mot slutten av året vedtok Klima- og miljødepartementet framlegget til Forsvarsbygg til nye grenseverdiar for støy frå skytebanar i revisjonen av retningslinje T-1442. Dei nye grenseverdiene vil kunne redusere arealbrukskonfliktane knytte til støysoner som vi opplever ved mange av skytebanane til Forsvaret.

RESULTATKRAV

L1.1 TILSTANDSGRAD I UTLIGEPORTEFØLJA

Forsvarsbygg skal overvake at verdiane i eigedomsmassen blir ivaretekne, det vil seie at tilstandsgraden (teknisk verdi, innemiljø og funksjonell standard) oppretthaldast for dei bygningane og anlegga som primært er retta inn mot utleige innanfor forsvarssektoren (utleigeportefølja). Tilstandsgraden oppretthaldast gjennom ein målretta kombinasjon av fornying og verdibevarande/tilstandsbasert vedlikehald. Utviklinga målast med utgangspunkt i utvikling av arealkorrigert teknisk tilstandsgrad ved utgangen av 2011.

AMBISJON 2016

Tilstandsgraden skal vere maksimalt 1,30

RESULTAT 2016

Tilstandsgraden er 1,37

Styringsparameter L1.1	2016	2015	2014	2013	2012
Tilstandsgrad	1,37	1,32	1,31	1,32	1,30

L1.2 TILSTANDSGRAD FESTNINGSVERK

Forsvarsbygg skal overvake at verdiane i denne delen av eigedomsmassen ivaretakast, under dette at kultur- og minneverdiar ivaretakast på ein tilfredsstillande måte og at tilfredsstillande vedlikehaldsnivå blir oppnådd. Tilstandsgraden oppretthaldast gjennom ein målretta kombinasjon av fornying og verdibevarande/tilstandsbasert vedlikehald. Utviklinga målast med utgangspunkt i arealkorrigert teknisk tilstandsgrad ved utgangen av 2012.

AMBISJON 2016

Tilstandsgraden skal vere maksimalt 1,49

RESULTAT 2016

Tilstandsgraden er 1,40

Styringsparameter L1.2	2016	2015	2014	2013	2012
Tilstandsgrad	1,40	1,46	1,49	1,51	1,59

L1.3 INVESTERINGSKOSTNAD PER KVADRATMETER

Forsvarsbygg skal planleggje og ferdigstille bygg med nøktern standard og tilfredsstillande kvalitet til riktig kostnad per kvadratmeter.

AMBISJON 2016

For kvart prosjekt reknast det ut eit prosentvis avvik i høve til ein referanse kostnad innanfor byggkategoriane: administrasjons- og stabsanlegg, bustader, forlegningar og messer, lager og vedlikehaldsanlegg og undervisnings- og øvingsanlegg.

På bakgrunn av det prosentvise avviket i kvart enkelt prosjekt, reknast det ut eit samla avvik for prosjekta. Kravet er minimum reduksjon på 2 prosent.

RESULTAT 2016

Resultatet er ein auke på 12 prosent.

Styringsparameter L1.3	2016	2015	2014	2013	2012
Avvik i investeringskostnad per kvm	12 %	19 %	19 %	IA	IA

L1.4 GJENNOMFØRINGSGRAD I HØVE TIL VEDLIKEHALDSPLAN

Forsvarsbygg skal sikre at det årlege vedlikehaldet gjennomførast planmessig.

AMBISJON 2016

Delen av tiltak i opphavleg godkjent vedlikehaldsplan som er gjennomført ved slutten på året skal vere 90 prosent eller betre.

RESULTAT 2016

Resultatet er ein gjennomføringsgrad på 94 prosent.

Styringsparameter L1.4	2016	2015	2014	2013	2012
Delen gjennomføringsgrad i høve til vedlikehaldsplan	94 %	92 %	85 %	IA	IA

L1.5 EFFEKTIV EBA-UTNYTTING I SEKTOREN

Forsvarsbygg skal følgje opp at EBA som sektoren disponerer til ei kvar tid, i så stor grad som mogleg enten er i bruk, eller blir raskt avhenda. Dette sikrar at vedlikehaldsbehova knytte til EBA i sektoren er fullfinansierte gjennom husleiga og at den samla verdibevaringsinnsatsen kan rettast mot EBA som er i aktiv bruk.

AMBISJON 2016

Det totale talet på kvadratmeter i sektoren (i prosent) utan leigeinntekter skal vere 10 prosent eller lågare.

RESULTAT 2016

Resultatet er 8,5 prosent.

(Styringsparameteren var ny frå og med 2015)

Styringsparameter L1.5	2016	2015
Effektiv EBA-utnytting i sektoren	8,5	10,6

L1.6 AUKE DEL TIL VEDLIKEHALD PÅ FESTNINGANE

Forsvarsbygg skal frigjere ein større del av dei totale ressursane ved dei nasjonale festningsverka til vedlikehald for å bidra til forbetring av tilstandsgraden og sikre tilfredsstillande vedlikehaldsnivå. Forsvarsbygg skal gjennom auka

inntekter og reduserte kostnader til forvaltning og drift av festningane, kanalisere middel til auka vedlikehald.

AMBISJON 2016

Auka del middel frigjort til vedlikehald skal vere minimum 14 millionar kroner.

RESULTAT 2016

Resultatet er 14,0 millionar kroner.

MÅL L2

MILJØRIKTIG PLANLEGGING, BYGGING OG FORVALTNING AV EIGEDOM, BYGG OG ANLEGG I FORSVARSSEKTOREN

Vi skal syte for miljøriktig planlegging, utvikling og forvaltning av EBA i forsvarssektoren for å ivareta samfunnsansvar og sikre heilskapelege løysingar og betre miljøprestasjonar. Miljøarbeidet skal vere systematisk, førebyggjande og dokumenterbart. Vi skal utvikle kompetanse og vere ein pådrivar i miljøarbeidet på område som har god effekt for forsvarssektoren, bidra til utvikling ved å ta i bruk effektive metodar og stille krav til leverandørar for utvikling og val av miljøriktige tenester og produkt. Vi skal vere ein god rådgjevar i miljøspørsmål med tanke på moglegheiter, planlegging og oppfølging av heilskapelege avgjerder og tiltak, og skal mellom anna:

- ivareta miljøinteressene til forsvarssektoren overfor samfunnet på kort og lang sikt, mellom anna sikre godt samarbeid med offentlege styresmakter på aktuelle område.
- redusere energibruk og betre energieffektiviteten i bygg og anlegg
- redusere CO₂-utslepp frå fossilt brensel til oppvarming av EBA i sektoren
- sikre HMS-aspekt i EBA
- fullføre implementering av miljøleing i samsvar med ISO 14001, og planleggje vedlikehald av systemet, slik at det kan forbeholdt kontinuerleg

SAMLA VURDERING AV MÅLOPPNÅING

Vi leverer godt på målet i 2016.

I Forsvarsbygg er det grøne skiftet ein realitet. I 2016 har vi redusert energiforbruket med 136 GWh gjennom energioppfølging og tekniske tiltak for energieffektivisering i eksisterande bygg. Dette er eit veldig godt resultat, og langt over resultatkravet på 93 GWh ved endt prosjektperiode for Energileing fase II (2012-2016).

Energileingsprogrammet vårt har bidrege til å redusere energibruken i forsvarssektoren gjennom ombyggingstiltak av direkte drivne vifter, utskifting av SD-anlegg (sentral driftskontroll), behovsstyring av lys/lyskontroll, skifte varme-gjenvinnarar for å auke verknadsgraden til 78-80 prosent, samt ombygging av varme- og sanitæranlegg. Vi har fokus på å optimalisere drift av bygg og anlegg ved mellom anna å sikre riktig innstilling av returtemperatur på varmeanlegg og anna teknisk utstyr for å redusere energibruken. I tillegg har vi satsa på ytterlegare vidareutvikling av kompetanse for eige personell, og drive haldningsskapande arbeid. Utfordringa for forsvarssektoren framover blir å ta vare på effekten som er oppnådd i drift når prosjektperioden no er avslutta.

Det finst ikkje resursar til å gjennomføre nye tekniske tiltak framover for å redusere energibruken ytterlegare. For å unngå ein årleg gjennomsnittleg forbruksvekst på 5-10 prosent, vil Forsvarsbygg vidareføre arbeidet med energioppfølging der tekniske installasjonar overvakast og feil raskt blir utbetra for å sikre at drifta er så effektiv som mogleg. I tillegg vil vi gjennomføre haldningsskapande arbeid blant brukarar og eigne tilsette, samt vidareføre kompetansebygging om energileing internt.

Det første nullenergibygget til Forsvarssektoren, eit kontorbygg på Haakonvern på 2 200 kvadratmeter, har i 2016 vore i drift i eitt år. Energiforbruket det første året har vore cirka 34 000 kilowattimar, eit tal som er svært nær det utrekna energikravet og innanfor ramma som vart sett. 34 000 kilowattimar svarar til forbruket til éin stor einestad. Til samanlikning brukar eit normalt kontorbygg inntil 300 000 kilowattimar i året. Med dei mindre forbetringane og justeringane som er gjort i første driftsår, ligg vi an til å redusere energiforbruket ytterlegare i 2017. Erfaringane frå bygging og drift i dette prosjektet er viktige å ta med seg i det vidare arbeidet for å nå målsetjinga regjeringa har sett om nesten nullnivå på offentlege nybygg frå 2020.

Vi har oppfylt resultatkrava for reduksjon av CO₂-utslepp for perioden fram til og med 2016, trass i at tiltaka som vart sette i verk i fjor først vil vere klare til å takast i bruk frå første tertial i år. Forsvarssektoren har over mange år arbeidd med å fase ut bruk av fossilt brensel til oppvarming med meir miljøvenlege energiberarar. Målsetjinga er at all bruk av fossilt brensel for oppvarming av bygg skal vere fasa ut innan utgangen av 2018 (grunnlast) og 2020 (topplast). Grunnlast utgjør cirka 30-50 prosent av totalt effektbehov på dei kaldaste dagane i året, og dekkjer 80-85 prosent av det samla årlege energibehovet. Topplast dekkjer resten av energibehovet. Vi vil prioritere arbeidet med utfasing i åra som kjem. Vi har i overkant av 100 større og

mindre oljekjeler som skal fasast ut, men nokre av dei store prosjekta har så lang faktisk gjennomføringstid at vi truleg ikkje vil vere heilt i mål innanfor fristen.

Forsvarsbygg har i ei rekkje år oppnådd kravet for sortering av byggavfall. Sorteringsgraden for byggavfall i 2016 er 96 prosent, 31 prosent over målkravet. Det har i lengre tid vore krevjande å nå sorteringsmålet for næringsavfall, og Forsvarsbygg har ikkje greidd å nå resultatkravet for i år. Frå og med 2016 er kravet 65 prosent, mot tidlegare 60 prosent. Resultatet frå i år viser ein sorteringsgrad på 60 prosent. I 2016 innførte vi nye prosedyrar for handtering av næringsavfall, som svar på ei til då uklår rolle- og ansvarsfordeling i forsvarssektoren. Vi har også gjeve ut ei eiga handbok for avfallshandtering i sektoren, i samarbeid med Forsvaret. For å auke sorteringsgraden på næringsavfallet har vi i tillegg utarbeidd lokale avfallsplanar, betra skiltinga av returpunkta og ser til at vi har ein jamleg dialog med leverandørar og brukarar. Tiltaka har hatt effekt, men vi erfarer at det tek lengre tid å auke sorteringsgraden opphavleg føresett. Arbeidet held fram i år, og framover mot 2020. Vi forventar ei måloppnåing på 62 prosent for 2017, og deretter ein gradvis auke opp mot 65 prosent i 2020.

Frå tid til anna kjem ny kunnskap om materiale, som etter bruk i lang tid, viser seg å kunne ha skadelege effektar. Dette er tilfellet for PFAS, per- og polyfluoreerte alkystoff, som tidlegare vart brukte i brannskum på brannøvingsfelt. Sektoren har arbeidd med kartlegging av forureining, bidrege til regelverksutvikling og tiltaksmetodar i samarbeid med Miljødirektoratet og andre offentlege aktørar i fleire år. Forsvarssektoren har kartlagd PFOS og andre PFAS-forureiningar ved åtte flyplassar. Det er påvist forureining ved sju av dei, men med ulik alvorsgrad. I 2016 iverksette Forsvarsbygg reinsetiltak på Ørland og Rygge, samt skifta ut forureina masse på Rygge. Vi er i gang med risikovurderingar og tiltak på fleire lokasjonar, eit arbeid som truleg vil halde fram i fleire år framover.

RESULTATKRAV

L2.1 REDUKSJON AV ENERGIFORBRUK TIL EIGEDOM, BYGG OG ANLEGG

Forsvarsbygg skal forbetre miljøverntilstanden i forsvarssektoren ved å redusere forbruk av energi i bygga og anlegga i sektoren, og redusere energikostnadene i høve til ein situasjon utan gjennomføring av tiltak. Meininga med indikatoren er at Forsvarsbygg, i samarbeid med Forsvaret, vidarefører arbeidet med å effektivisere energibruken i bygg og anlegg. Målsetjinga i energileiingsprogrammet (2012-2016) er ein årleg reduksjon i energiforbruket på 93 GWh.

AMBISJON 2016

Energiforbruket skal reduserast med 93 GWh eller meir.

RESULTAT 2016

Reduksjon av forbruk på 136 GWh

Styringsparameter L2.1	2016	2015	2014	2013	2012
Reduksjon av GWh	136 GWh	90 GWh	53 GWh	22 GWh	IA

Resultatet viser innsparingar i prosjektperioden. (2012 var oppstartsår der det vart gjennomført tiltak andre halvår. Det tek tid frå tiltak er ferdig utført til ein kan måle effekt, slik at 2012 ikkje er teke med). Resultat akkumulert år for år i definert periode.

L2.2 UTFASING AV FYRING MED FOSSIL OLJE INNAN UTGANGEN AV 2018

Forsvarsbygg skal redusere utslepp av klimagassar knytte til oppvarming ved omlegging frå fossil energi til miljøvenlege, fornybare energibærarar i bygg og anlegg i sektoren. Meininga med indikatoren er å måle framdrift og effekt av tiltaka i gjeldande investeringsplan med å konvertere varmesentralar og utfasing av andre oljefyringsanlegg. Konverteringsprosjekta har gått over fleire år. Resultata vart tidlegare akkumulerte for perioden 2010-2015. Det er lagt opp til ny framdriftsplan for perioden frå og med 2016.

AMBISJON 2016

Framdriftsplan for arbeid frå og med 2016 er etablert, men det er ikkje fastsett måltal.

RESULTAT 2016

Det er iverksett to prosjekt i høve til framdriftsplan. Prosjekta blir ferdigstilte i første tertial 2017.

Styringsparameter L2.2	2016	2015	2014	2013	2012
Reduksjon av CO ₂ ekvivalentar (i tonn)	Ikke målkrav i 2016	18 992	15 142	12 547	4 345

L2.3 AVFALLSHANDTERING

Forsvarsbygg skal måle miljøverntilstanden i forsvarssektoren på klima, miljø og haldningstiltak. Intensjonen er å oppnå forbetring med miljø- og klimapåverknader ved betre ressursutnytting og redusert mengde bygningsavfall til sluttbehandling.

AMBISJON 2016

Byggavfall: Delen bygg- og anleggsavfall som i høve til Norsk standard (NS) 9431:2011 ikkje er i kategorien 9912 blanda næringsavfall. Delen skal vere minimum 60 prosent.

Næringsavfall: Delen næringsavfall (frå Forsvarsbygg og Forsvaret) som i høve til NS 9431:2011 ikkje er i kategorien 9912 blanda næringsavfall. Delen skal vere minimum 65 prosent.

RESULTAT 2016

Sorteringsgrad byggavfall 96 prosent.

Sorteringsgrad næringsavfall 60 prosent.

Styringsparameter L2.3	2016	2015	2014	2013	2012
Delen sortert byggavfall (i prosent)	96 %	98,4 %	96 %	98 %	92,5 %
Delen sortert næringsavfall (i prosent)	60 %	61 %	61 %	64 %	62 %


RESULTAT I HØVE TIL BUDSJETT OG KOSTNADSEFFEKTIV DRIFT AV VERKSEMDA

Vi skal levere eit økonomisk resultat til eigar som forventa (etter kontantprinsippet) og styrar mot sunne bedriftsøkonomiske mål (i høve til periodiseringsprinsippet). Kostnader til eigarpålagde oppgåver skal synleggjerast og effektiviseringsvinstar skal dokumenterast. Samtidig som ein leverer forventa resultat, skal ein oppretthalde og gjennomføre planlagd ytingsnivå.

SAMLA VURDERING AV MÅLOPPNÅING
Vi leverer godt på målet i 2016.

Forsvarsbygg avlegg rekneskap etter to finansielle rammeverk: Kontantrekneskap etter vilkåra i statsrekneskapen, og periodisert verksemdsrekneskap etter statlege rekneskapsstandardar (SRS). Forsvarsbygg fakturerer tenestene sine innanfor husleigemodellen. Som følgje av eigenarten til verksemda er vi gjevne meirinntektsfullmakt, og kan be Forsvarsdepartementet om overføring av ubrukte middel mellom år.

Dei økonomiske resultatata etter kontantprinsippet viser samla sett eit mindreforbruk for 2016. Driftskapitla viser samla sett ein mindretgift på 19,7 millionar kroner, som er godt innanfor målkravet. For den ordinære investeringsportefølja er også målkravet nådd. Ubrukte middel, som i hovudsak kjem av forseinkingar på prosjekt, er søkt førte over til 2017. Kampflybaseprosjektet har ei betydeleg lågare omsetning enn tilgjengelege rammer, og måloppnåinga for 2016 er difor ikkje akseptabel. Dette kjem mellom anna av uføresette hendingar som forseinka oppstart av hangarprosjektet, justert betalingsplan for prosjekt rullebaneforlenging og utsett oppstart på støytakt. Resultatet er difor i høve til varsla prognose for året, og vurderast difor som godt sett opp mot total måloppnåing. For andre investeringspostar er det berre mindre avvik.

I 2016 har Forsvarsbygg lagt om den periodiserte rekneskapen sin til å følgje dei statlege rekneskapsstandardane (SRS). Ein konsekvens av denne omlegginga er at utfakturert kapital-element på husleiga kjem fram som eit overskot i rekneskapen. Dette er eit overskot som i heilskap tilbakeførast Forsvarsdepartementet. Frå og med 2017 er kapitalelement i husleiga vedteke avvikla.

Den periodiserte verksemdsrekneskapen for 2016 viser eit overskot på 1 328 millionar kroner, som er 263 kroner betre enn budsjett. Det positive budsjettavviket på 263 millionar kroner kjem i hovudsak av eit betre resultat enn budsjettet for avhendingsverksemda og høgare produksjon i utleieportefølja.

Forsvarsbygg må, som leverandør i forsvarssektoren, kontinuerleg tilpasse tenestene og kostnadene våre til etterspurnaden frå Forsvaret og andre kundar og oppdragsgjeverar. I 2016 har Forsvarsbygg sett i gang fleire forbettings- og effektiviseringsprosessar, mellom anna optimalisering av driftsprosessane, reduksjon av investeringskostnadene til EBA, og ny organisering av forvaltnings- og driftsorganisasjonen. Kostnadsreduksjonsprogrammet MOT 2020 vart vidareført frå 2015, eit arbeid som vi vidarefører som ein del av det større organisasjonsutviklingsprosjektet. Forsvarsbygg har dei siste åra gjennomført fleire tiltak for å få ned administrasjonskostnadene våre. I 2016 har vi nådd målkravet for kostnadene til dei eigarpålagde oppgåvene, og vi har levert i høve til effektiviseringskrava.

Måloppnåinga kan i stor grad tilskrivast ulike tiltak knytte til kostnadsreduksjonsprogrammet MOT 2020. Midla har kome Forsvaret til gode gjennom lågare husleige og auka vedlikehaldsproduksjon. I tillegg har avhendingsverksemda i løpet av året vidareført arbeidet med å redusere kostnadene sine i tak med redusert avhendingsportefølje og tilgjengelege middel til rive-, sikre- og saneringsprosjekt.

RESULTATKRAV
Ø1.1 FORVENTA ÅRSRESULTAT (KONTANTREKNESKAP)

Forsvarsbygg skal ha god evne til forsvarleg forvaltning ved å måle avvik mellom tildeling og forventa forbruk av tildelte middel i prosent.

AMBISJON 2016

Avviket frå ramma skal vere mindre enn eller lik 2 prosent for god måloppnåing og mindre enn 5 prosent for akseptabel måloppnåing per post. For totaløyvinga skal avviket ikkje stige over 1,5 prosent.

RESULTAT 2016

Ein post har god og tre postar har akseptabel måloppnåing. Måloppnåing for totaløyvinga er ikkje akseptabel. Sett opp mot risikovurderingar gjennom året er måloppnåinga god.

Styringsparameter Ø1.1	2016	2015	2014	2013	2012
Kapittel 1710/4710, post 01 - driftskapittelet til Forsvarsbygg	0,5 %	4,3 %	0,6 %	-0,2 %	0,6 %
Kapittel 4710, post 47 - Sal av eigedom, bygg og anlegg	4,5 %	2,4 %	-0,3 %	20,5 %	1,5 %
Kapittel 1710, post 46 - Nybygg og anlegg	2,5 %	2,4 %	10,3 %	0,1 %	8,2 %
Kapittel 1710, post 47 - Nybygg og anlegg	2,4 %	2,6 %	-1,0 %	13,5 %	9,9 %
Kapittel 1761, post 47 - Kampflybase	23,2 %	26,4 %	-3,0 %	6,4 %	-19,4 %
Kapittel 1760, post 01 - Gjennomføringskost. innreiing	IA	-25,6 %	16,0 %	33,4 %	IA
Kapittel 1760, post 45 - Innreiing	28,5 %	23,3 %	14,7 %	16,2 %	48,1 %
Samla tildeling	5,7 %	6,5 %	0,4 %	4,3 %	4,4 %

Ø1.2 KOSTNADER TIL Å IVARETA EIGARPÅLAGDE OPPGÅVER

Forsvarsbygg skal synleggjere utviklinga i kostnader til å ivareta eigarpålagde oppgåver.

AMBISJON 2016

Eit vege snitt av dei to delparametrane skal gje ein samla kostnadsprosent som er lågare enn 13,4 prosent

RESULTAT 2016

Samla kostnadsprosent vart 12 prosent.

Styringsparameter Ø1.2	2016	2015	2014	2013	2012
Samla kostnadsprosent	12 %	15,7 %	15,2 %	13,9 %	13,8 %
Kostnadsprosent ordinær portefølje	9,6 %	10,9 %	11,5 %	11,2 %	10,5 %
Kostnadsprosent investeringsportefølje	16,3 %	26,1 %	22,8 %	21,1 %	22,4 %

Ø1.3 EFFEKTIVITET I AVHENDINGSFUNKSJONEN

Forsvarsbygg skal følgje opp at avhendingsverksemda gjennomførast på ein effektiv måte.

AMBISJON 2016

To av to delparametrar skal ha god status.

RESULTAT

Begge delparametrane rapporterast med status god.

Styringsparameter Ø1.3	2016	2015	2014	2013	2012
Adm. kostnader per prosjekttime	1058	1055	1693	1912	1925
Prosjekttimar per årsverk	1315	1281	829	849	887

Ø1.4 EFFEKTIVISERINGSVINST

Forsvarsbygg skal realisere krava sektoren har til varig

effektivisering på 0,5 prosent, tilsvarande 11,5 millionar 2012-kroner, per år i inneverande langtidperiode. Resultatoppnåinga kjem som ei følge av ei rekkje tiltak iverset for å effektivisere og redusere kostnader.

AMBISJON 2016

Forsvarsbygg skal oppnå ein akkumulert effektiviseringsvinst på 60,3 millionar kroner.

RESULTAT 2016

Resultatet er 64,9 millionar kroner.

Styringsparameter Ø1.4	2016	2015	2014	2013	2012
Effektiviseringsvinst	64,9	36,8	23,8	14,4	IA

**FORBETRA EVNE TIL FORSVARLEG FORVALTNING**

Vi har ansvaret for at instruksen til Forsvarsdepartementet om økonomi- og verksemdsstyring i forsvarssektoren blir etterlevd, og skal mellom anna

- gjennomføre aktivitetar i tråd med fastsette mål og prioriteringar
- fastsetje mål- og resultatkrav og prioritere i eitt- og fleirårig perspektiv innanfor eige ansvarsområde
- utvikle eigne styringsparametrar, tiltak, risikoar og risikoreducerande eller avbøtande tiltak for eiga verksemd
- gjennomføre risikostyring som ein integrert del av styringa mot fastsette mål og resultatkrav
- syte for planlegging, gjennomføring og oppfølging av verksemda, inkludert resultat- og rekneskapsrapportering
- definere ansvar og styresmakt og fastsetje interne instruksar innanfor eige ansvarsområde
- etablere internkontroll for å nå fastsette mål og prioriteringar

SAMLA VURDERING AV MÅLOPPNÅING

Vi leverer godt på målet i 2016.

Riksrevisjonen hadde ingen merknader til årsrekneskapan til Forsvarsbygg for 2015, eller til disponering av løyvingane, eit resultat vi også oppnådde for 2014. Systematisk arbeid med forsvarleg forvaltning er hovudårsaka til det gode resultatet. I 2016 har vi vidareført tiltaka med utvikling av styringspraksis og styrande dokument. Risikostyring og internkontroll bygger på rammeverket til COSO. Det er gjennomført ei intern modenheitsvurdering av verksemda si evne til styring og kontroll. Resultatet vil bli brukt til å forbetre den interne styringa og kontrollen. Risikoanalysen for måloppnåinga i 2016 viste at risikobiletet ikkje var kritisk,

og det har ikkje endra seg nemneverdig gjennom året. Vi vurderer at internkontrollen og risikostyringa til etaten vår er ein god reiskap for å medverke til god måloppnåing.

Forsvarsbygg har i 2016 jobba med å effektivisere drifta av verksemda. Hausten 2016 fekk vi eit særskild oppdrag om å gjennomføre ei nærmare vurdering av etaten si interne innretning og organisering, for på den måten å bidra til å realisere vår del av effektiviseringspotensialet i forsvarssektoren. I tillegg til eit særskild fokus på interne stabs- støtte- og leiingsfunksjonar, skulle vurderinga også omfatte effektivisering av organisasjonen og arbeidsprosessar. Meininga var å sikre at dei samla leveransane til etaten skal ytast på ein høveleg, nøktern og mest mogleg effektiv måte. Gjennom hausten har vi jobba med å identifisere sterke og svake sider ved dagens organisering, og vidare vurdert ulike organisasjonsmodellar.

Ved utgangen av året fekk vi på plass ein ny hovudstruktur som vil ta til å gjelde frå første halvdel av 2017. Den nye hovudstrukturen fører med seg ein vesentleg reduksjon av talet på stabar og verksemdsområde, og ei kraftsamling av fagmiljø og støttefunksjonane. Den nye organiseringa speglar livsløpet til EBA i forsvarssektoren, med enklare styringslinjer og færre administrative funksjonar. Gjennom arbeidet med omorganiseringa av verksemda er det identifisert effektiviseringspotensiale, og ytterlegare vinster vil bli identifiserte før ny organisering tek til å gjelde. Nokre av desse effektane vil ein kunne oppnå raskt, medan andre tiltak vil krevje meir tid før ein kan hente ut vinstar. Vi kan ikkje utelukke overtaligheit i det vidare arbeidet.

Vi har i 2016 vidareutvikla beredskapsplanane våre i høve til milepælsplanen. Vi har bistått i gjennomføringa av totalforsvarsøvingar og bygd opp ein eigen styrkestruktur. Den faste beredskapsorganisasjonen til Forsvarsbygg vil vere fullt gjennomgått innan utgangen av desember 2017. Det er også gjennomført ei verdivurdering av kjernesystemet for EBA og tilhøyrande informasjon. Tryggleiks- og IKT-organisasjonen vår utviklar kontinuerleg kompetanse på informasjonstryggleik og følgjer trugsmålsbiletet i det digitale rommet. Årets nasjonale tryggleiksmånad vart gjennomført i oktober, med opplæring og styrking av tryggleikskulturen i heile verksemda. Gjennom øvinga til NorCERT, COMCHECK, deltok vi i den nasjonale IKT-krise- og beredskapsøvinga IKT-16.

Varslingsordninga i Forsvarsbygg vart frå 2016 forvalta av internrevisjonen. Ingen av dei innmelde sakene er av ein slik karakter at dei indikerer vesentleg styringssvikt. Forsvarsbygg deltek i nettverksforumet til sektoren knytt til varslingar, etikk og internkontroll. Planane og tiltaka våre

for haldningar, etikk og leiing inngår som ein integrert del av resten av verksemdsstyringa.

RESULTATKRAV

11.1 USANNSYNSSTYRING INVESTERING P85

Forsvarsbygg skal, innanfor sannsynet p85, avdekkje om det er:

- tilstrekkeleg samsvar mellom utrekna sannsyn for prosjektkostnad og verkeleg prosjektkostnad (sluttkostnad)
- tilstrekkeleg kontroll med usannsynstyring i prosjekta

AMBISJON 2016

Delen prosjekt som er gjennomført innanfor utrekna p85-verdi det einskilde året, skal vere mellom 80 prosent og 90 prosent.

RESULTAT 2016

36 prosjekt er avslutta, av desse 29 innanfor utrekna p85-verdi. Det svarar til eit resultat på 81 prosent, og er innanfor ambisjonen sett for 2016.

Styringsparameter I1.1	2016	2015	2014	2013	2012
Delen prosjekt gjennomført innanfor p85 (i prosent)	81 %	67 %	58 %	78 %	85 %

11.2 UVISSESTYRING INVESTERING P50

Forsvarsbygg skal, innanfor sannsynet på p50, avdekkje om det er:

- tilstrekkeleg samsvar mellom utrekna sannsyn for prosjektkostnad og verkeleg prosjektkostnad (sluttkostnad)
- tilstrekkeleg kontroll med uvissestyling i prosjekta

AMBISJON 2016

Delen prosjekt som er gjennomført innanfor utrekna p50-verdi det einskilde året, skal vere mellom 40 prosent og 60 prosent.

RESULTAT 2016

36 prosjekt er avslutta, av desse er 19 innanfor utrekna p50-verdi. Det svarar til eit resultat på 53 prosent, og er innanfor ambisjonen sett for 2016.

Styringsparameter I1.2	2016	2015	2014	2013	2012
Delen prosjekt gjennomført innanfor p50 (i prosent)	53 %	46 %	40 %	62 %	69 %

11.3 FAKTURAKONTROLL

Forsvarsbygg skal måle og følgje opp kvaliteten på faktura-behandlinga, og i kva grad fakturabehandlinga er forsvarleg.

AMBISJON 2016

Talet på betalte fakturaar i rett tid i høve til totalt tal uomtvista betalte fakturaar skal vere lik eller større enn 95 prosent.

RESULTAT 2016

Resultatet er 96 prosent.

Styringsparameter 11.3	2016	2015	2014	2013	2012
Talet på betalte fakturaar i rett tid lik eller større enn 95 %	96 %	97 %	95 %	96 %	97 %

11.4 KORREKTE DRIFTSINNKJØP

Forsvarsbygg skal måle om driftsinnkjøp (eksterne kjøp av varer og tenester) gjennomførast i samsvar med regelverket.

AMBISJON 2016

Talet på (0-2) kategoriar (A-B) med tilfredsstillande status.

Kategori A. Innkjøps-ordre: Delen av driftsinnkjøp med innkjøpsordre i rett tid (registrert før mottak av vara/tenesta og faktura). Delen skal vere 100 prosent for at status skal vere god (grøn), 92-99 prosent er akseptabel (gul) og lågare enn 92 prosent er mangelfull (raud).

Kategori B. Sporbarheit: Delen av registrerte drifts-innkjøp over 125 000 kroner med rettidig innkjøpsordre og sporbarheit i form av tilvising til grunnlagsdokument i arkivsystemet. Delen skal vere 100 prosent for at status skal vere god (grøn), 92-99 prosent er akseptabel (gul) og lågare enn 92 prosent er mangelfull (raud).

RESULTAT 2016

Kategori A og B har akseptabelt resultat.

Styringsparameter 11.4	2016	2015	2014	2013	2012
Kategori A. Innkjøpsordre					
Delen driftsinnkjøp med innkjøpsordre i rett tid (i prosent)	94 %	90 %	85 %	94 %	94 %

Styringsparameter 11.4	2016	2015	2014	2013	2012
Kategori B. Sporbarheit					
Delen driftsinnkjøp over 125.000 kroner med rettidig innkjøpsordre og sporbarheit (i prosent)	97 %	90 %	91 %	94 %	96 %

T.1.1 FØLGJE OPP TILTAKSPLANEN FOR INTERNKONTROLLEN TIL FORSVARSBYGG; UNDER DETTE RIKSREVISJONSMERKNADER

Forsvarsbygg skal kontinuerleg forbetre evna til forsvarleg forvaltning ved å identifisere og implementere forbetnings-tiltak gjennom Forsvarsbygg sine system for verksemdsstyring, risikostyring og internkontroll. Vi skal følgje opp at gjennomførte tiltak har gjeve ønskt effekt, alternativt identifisere og implementere ytterlegare tiltak.

AMBISJON 2016

Forsvarsbygg skal ha reint revisjonsbrev frå Riksrevisjonen, og etatssjefen skal drive verksemda i tråd med gjeldande lover, reglar og retningslinjer.

RESULTAT 2016

Vi har oppnådd god effekt av det kontinuerlege og omfattande forbetningsarbeidet vårt innanfor forsvarleg forvaltning. Resultatet frå revisjonen av årsrekneskapen 2016 som er gjort av Riksrevisjonen er venta å liggje føre i månadsskiftet mai/juni 2017.

Tiltak 11.1	2016	2015	2014	2013	2012
Følgje opp tiltaksplan for internkontrollen til Forsvarsbygg, samt riksrevisjonsmerknader					
Reint revisjonsbrev frå Riksrevisjonen.	Føreligg ikkje	Ja	Nei*	Ja	Ja

* Riksrevisjonen hadde ingen merknader til årsrekneskapen til Forsvarsbygg for 2013 eller til disponering av løyvingane. Investeringsverksemda vår fekk likevel vesentlege merknader til utvalde disposisjonar innanfor styring og oppfølging av investeringsprosjekt, og for ikkje å ha ivareteke kontrollplikta for å førebyggje sosial dumping. Riksrevisjonen gjennomførte også i 2013 eit tverrgående prosjekt i sektoren for kontroll av overtidsbruk. Korrigerende tiltak er sette i verk på samtlege av områda.

UTGREIING FOR RESSURSBRUK

I 2016 hadde Forsvarsbygg ei brutto omsetning på 9,5 milliardar kroner og eit driftsresultat av aktivitetane i perioden på 1,3 milliardar kroner.

Driftsresultatet består av resultatkrav knytte til netto avhendingsinntekter og utfakturert kapitalelement i husleiga, som i heilskap er tilbakeført Forsvarsdepartementet.

Vi delar hovudleveransane våre inn i åtte ulike produktområde basert på finansieringsform. Det vil seie om leveransane er finansierte gjennom løyvingar, oppdragsavtalar, husleigeavtalar, forsyningsavtalar, tilleggstenester, reinhaldsavtalar, avhending eller avtale for bustad og kvarter.

DRIFTSKOSTNADER

Totale driftskostnader for 2016 var 8 209¹ millionar kroner. Dette er ein auke frå 2015 på 1 143 millionar kroner, og kan knytast til auka leveransar. Av- og nedskrivningskostnader på EBA utgjer netto 958 millionar kroner. Det er i 2016 aktivert totalt 2 570 millionar kroner relatert til anlegg under utføring.

TOTALE DRIFTSKOSTNADER PER PRODUKTOMRÅDE

Totale driftskostnader fordelt per produktområde² viser at det er bokført kostnader på løyvingar på totalt 3 342 millionar kroner til drift og investeringar i 2016, ein auke frå 2015 på i underkant av ein milliard kroner. Auken i kostnadene kjem i hovudsak av auka aktivitet innanfor investeringsområdet med høg aktivitet på kampflybaseprosjektet og auka ressursbruk til verdibevaring på drift. Oppdragsfinansierte kostnader har hatt ein auke på 180 millionar kroner, som følgje av auka oppdragsmengde. Totale kostnader knytte til husleige i 2016 er på 2 664 millionar kroner. Det er i driftsåret 2016 brukt 347 millionar kroner til drift av EBA og 626 millionar kroner til vedlikehald og utviklingskostnader. Dette er ein auke på 228 millionar frå 2015. Forsyning utgjer 10 prosent og tilleggstenester 7 prosent av dei totale kostnadene, og er berre mindre endringar frå fjoråret. Reinholdstenester har ein reduksjon på over 200 millionar

kroner, som følgje av at vi i 2016 slutta å levere reinhaldstenester til Forsvaret. Totale kostnader for avhending var på 322 millionar, ei halvering av kostnadene frå 2015. Grunnen til lågare kostnader heng saman med netto resultatkrav for driftsåret.

TOTALE DRIFTSKOSTNADER PER KONTOGRUPPE

Driftskostnadene fordelt etter kontogruppe viser at varekostnader utgjorde 69 prosent av dei totale driftskostnadene i 2016, ein auke på 6 prosent samanlikna mot driftsåret 2015. Dei samla lønskostnadene var 13 prosent, ein nedgang på 2 prosent frå 2015. Av- og nedskrivningar på varige driftsmiddel og immaterielle eigedelar var totalt 13 prosent, og er ein nedgang på 3 prosent frå fjoråret. Andre kostnader utgjorde 5 prosent, som er ein nedgang på 2 prosent samanlikna med 2015.


TOTALE VAREKOSTNADER FORDELTE PÅ KONTONIVÅ

Totalt er det utgiftsført varekostnader for 5 649 millionar, av desse er 2 382 millionar aktiverte under anlegg under utføring i balansen. Delen varekjøp relatert til framandtying og underentreprise var 83 prosent, 9 prosent relaterte seg til gjennomstrøymingskostnader og 8 prosent var direkte kostnader til drift. Alle varekostnader blir bokførte direkte på prosjekta.


1. Sum driftskostnader inkluderer Anlegg under utføring (AUU) og representerer totale kostnader i driftsåret
2. Alle produktområda er knytte til eigne avtalar, og kan ha ulike finansieringskjelder i statsrekneskapen.

TOTALE DRIFTSKOSTNADER I PERIODEN 2012-2015


TAL I MILLIARDAR



TOTALE DRIFTSKOSTNADER PER INNSATSAKTOR




TOTALE VAREKJØP FORDELTE PÅ KONTONIVÅ



TOTALE KOSTNADER PER PRODUKTOMRÅDE

BRUTTOTAL INKLUDERT AVSKRIVINGSKOSTNADER EBA OG AUU TAL I MILLIARDAR



BEMANNINGSSITUASJONEN TIL VERKSEMDA

ÅRSVERKSUTVIKLING

Ved utgangen av 2016 var det totalt 1 372 tilsette og 1 297 årsverk i Forsvarsbygg. Dette er ein monaleg reduksjon frå 2015, og kjem i hovudsak av utviklinga av reinhaldstenester i Forsvarsbygg. I 2016 vart 233 reinhaldstilsette verksemdsoverdrege til ISS Facility Services, og 84 vart overførte til Forsvaret. I overkant av 20 reinhaldstilsette reserverte seg mot verksemdsoverdraging, og vart sagde opp frå stillingane sine i Forsvarsbygg. Ved utgangen av 2016 var desse framleis tilsette i Forsvarsbygg. Forsvarsbygg har elles styrka seg innan fagområdet tryggleik og beredskap, der det er tilsett fleire nye medarbeidarar.

Av dei fast tilsette er 99 prosent tilsette sivilt, og 1 prosent er militære. Av den totale arbeidsstokken er 7,4 prosent mellombelse stillingar (12 prosent i 2015). Nedgangen kjem av at bruken av mellombelse stillingar var noko høg i 2015 på grunn av utviklinga av reinhaldstenester. Mellombelse tilsette (utan pensjonistar og timeløna) er på 3,8 prosent i 2016.

Forsvarsbygg hadde i 2016 ein turnover på 5,98 prosent, mot 8,14 prosent i 2015. Reinholdspersonellet er ikkje medrekna i turnover-talet for 2016, då avgangen ikkje er å rekne som frivillig avgang. Hovudårsaka til den noko høge turnoveren i 2015 var utviklinga av reinhaldstenester, med både auka pensjonsuttak og egne oppseiingar. Til samanlikning hadde Forsvarsbygg ein turnover på 6,3 prosent i 2014.


SJUKEFRÅVÆR

Sjukefråværet i Forsvarsbygg var i 2016 på 4,89 prosent, og er ein signifikant reduksjon av sjukefråværet samanlikna med 2015, då sjukefråværet vart på 6,83 prosent. Forsvarsbygg hadde i 2016 eit overordna mål om at sjukefråværet ikkje skulle vere over 5,6 prosent. Vi har jobba systematisk over lengre tid med å utvikle gode oppfølgingsrutinar og opplæring av leiarar i sjukeoppfølgingsarbeid. Vidare har det vore gjennomført minst to HMS-kurs per år, som er obligatorisk for leiarar med personalansvar og sentrale HMS-aktørar.

TALET PÅ TILSETTE OG ÅRSVERK

INKLUDERT PENSJONISTAR, SJUKEVIKARAR OG TIMELØNA

- Årsverk
- Talet på tilsette



Ved utgangen av 2016 hadde Forsvarsbygg 1372 tilsette fordelt på 1297 årsverk.

	2016	2015	2014	2013	2012
Talet på tilsette	1372	1745	1724	-	-
Årsverk	1297	1581	1556	1523	1426



KAPITTEL 4

STYRING OG KONTROLL

Forsvarsbygg jobbar kontinuerleg med å forbetre styringssystema våre, slik at vi gjennomfører samfunnsoppdraget vårt forsvarleg og effektivt til det beste for kundane, eigaren og samfunnet. Vi har integrert alle viktige prosessar i verksemdsstyringa, og følgjer heilskapleg og systematisk opp mål, resultat, avvik og tiltak.

Forsvarsbygg har god styring og kontroll tilpassa eigenart, risiko og vesentlegheita til verksemda. I 2016 har vi levert eit godt økonomisk resultat, innanfor rammene for forsvarleg forvaltning og krava til sektoren til haldningar, etikk og leing. Vi har på bakgrunn av eksterne og interne kontrollhandlingar utarbeidd forbetrande tiltak, og følgjer opp desse som ein integrert del av verksemdsstyringa vår.

STYRINGSSYSTEM

Forsvarsbygg har eit godt system for verksemds- og økonomistyring og kontroll, som er tilpassa eigenart, risiko og vesentlegheita til verksemda. Styringssystemet blir forbetra kontinuerleg, og sikrar at:

- det blir fastsett mål og resultatkrav, og at ein når desse
- ressursbruken er effektiv
- verksemda drivast etter gjeldande lover og reglar
- system gjev tilstrekkeleg og presis styringsinformasjon og godt avgjerdsunderlag

Styringssystemet ivaretek både den strategiske og den operative verksemdsstyringa. Fordi alle vesentlege prosessar er integrerte i verksemdsstyringa, kan vi følgje opp mål, resultat, avvik og tiltak, samt gje viktige innspel til fastlagde plan- og budsjettprosessar. Det digitale kvalitetssystemet vårt dokumenterer og understøttar verksemda sitt system for styring og kontroll.

MÅL- OG RESULTATSTYRING

Måloppnåinga til Forsvarsbygg har utvikla seg positivt i 2016. Vi vurderer at måloppnåinga for året samla sett er god, og ei betring frå 2015. Vi leverer akseptabelt på leveransane til nøktern og verdibevarande forvaltning av eigedomar, bygningar og anlegg. I 2015 avdekte vi at vedlikehalds- og driftsprosessane våre hadde forbetningsområde. I løpet av 2016 har vi implementert tiltak for å optimalisere arbeidet, mellom anna gjennom standardisering av tenestene og utvikling av eit nytt prosjektstyringsverktøy. Målet er ei forsterka styring med sikte på å fasthalde planlagde aktivitetar gjennom året, slik at vi framover skal få meir vedlikehald ut av kvar krone. På oppdrag frå Forsvarsdepartementet har vi også starta eit arbeid med å sjå på samanhengar mellom tilgjengelege årlege rammer, og utviklinga i tilstanden på eigedomane. Ein foranalyse blir ferdigstilt i løpet av første tertial 2017. Vi forventar å sjå positive effektar av dette arbeidet fram mot 2020.

Vi har gode leveransar til Forsvaret gjennom investeringsprosjekta våre. Produksjonsvolumet er tilnærma nådd, sjølv om vi i 2016 har hatt færre prosjekt i reserve ved endringar i prosjektportefølja. Eit suksesskriterium har vore ein nær dialog med Forsvarsdepartementet og Forsvaret, noko som har gjeve føreseielege rammer. Avhendingsinntektene i 2016 er i høve til varsla prognose. Vi har også oppnådd gode resultat innanfor målområdet for forsvarleg forvaltning.

Hausten 2016 sette Forsvarsbygg i gang ein gjennomgang av etaten si interne organisering, med særleg fokus på optimalisering av stabs- støtte- og leiingsfunksjonar, og kraftsamling av fagmiljø for å kunne gjennomføre det som er venta av Forsvarsbygg i åra framover. Målet er økonomisk ressursfrigjerung som ein sentral føresetnad for å realisere forsvarlet for framtida, der auka kampkraft og berekraft er målet. Kontinuerleg arbeid med forbetring og effektivisering av eigen organisasjon og oppgåveløysing, er dei viktigaste tiltaka Forsvarsbygg set i verk for å sikre at dei samla leveransane til etaten blir ytt på ein meningsfull og mest mogleg effektiv måte. Ny hovudstruktur vart vedteken i desember, og iverksetjinga av endringane vil skje i første halvår av 2017.

UTFORDRANDE MÅLOMRÅDE

Den viktigaste utfordringa framover vil vere å sikre ei god implementering av den vedtekte organisasjonsendringa. Resultatet skal vere redusert ressursbruk til leiing-, stabs- og støttefunksjonar, kraftsamling av kompetansmiljø, standardisering og forbetring av leveransar og ei meir saumlaus organisering, slik at vi kan tilpasse leveransane og organisasjonen vår til dei framtidige behova til sektoren. Styringsfokuset vårt er framover retta inn på å bidra til kostnadsinnsparringar i forsvarssektoren og frigjere ressursar til den operative evna til Forsvaret.

RIKSREVISJONEN

Forsvarsbygg jobbar systematisk med forsvarleg forvaltning. Vi fekk reint revisjonsbrev frå Riksrevisjonen for rekneskapsåret 2015, som for 2014. Framover vil vi leggje vekt på ytterlegare utvikling av styringspraksis og styrande dokument, for å oppretthalde ein kultur for forsvarleg forvaltning og kontinuerleg forbetring. Riksrevisjonen har i løpet av året undersøkt forvaltninga av eigedomane, bygga og anlegga til forsvarssektoren. Forsvarsbygg har vore ein bidragsytar til arbeidet til Riksrevisjonen.

RISIKOSTYRING OG INTERNKONTROLL

Risikostyringa og internkontrollen til Forsvarsbygg bygger på rammeverket til COSO, og er organisert i tre forsvarslinjer. Instruks og prosedyrar fordeler ansvar og styresmakt, slik at etaten har eit tilstrekkeleg godt kontrollmiljø. Det er også i 2016 gjennomført ei modenheitsvurdering av verksemda si evne til styring og kontroll. Resultatet vil bli brukt til å forbetre den interne styringa og kontrollen. Risikoanalysen i år viser at risikobiletet ikkje er kritisk, og at det ikkje har endra seg nemneverdig gjennom året. Vi vurderer at internkontrollen og risikostyringa til etaten bidreg til god måloppnåing.

HALDNINGAR, ETIKK OG LEIING

Varslingsordninga i Forsvarsbygg ivaretakast av internrevisjonen. Forsvarsbygg deltek i nettverksforumet til sektoren knytt til varslingar, etikk og internkontroll. Planane og tiltaka våre for haldningar, etikk og leiing inngår som ein integrert del av resten av verksemdsstyringa.

Døme på dette er rutinar for handteringa av mobbing og trakassering og leiar- og medarbeidarprinsipp bygde på verdiane til Forsvarsbygg. I tida framover vil det vere eit behov for å vidareutvikle leiingspraksisen i tråd med leiarprinsippa våre, styrke den strategiske kompetanseplanlegginga og etablere ein kultur for endring. I 2016 sette vi i gang eit eige program for kontinuerleg forbetring, kalla Flyt. Metodikk og plan for utrulling av programmet er utarbeidd, det er utdanna ei gruppe ressursar innan leanmetodikk, og fleire pilotar er gjennomførte. Vi har også inngått strategiske alliansar med utvalde undervisingsinstitusjonar, som er særleg relevante for å bygge kritisk kompetanse for Forsvarsbygg framover.

TRYGGLEIK OG BEREDSKAP

Den tryggingpolitiske situasjonen har endra seg og trusselbiletet har auka i 2016. Den nasjonale og internasjonale tryggingssituasjonen underbyggjer behovet for beredskapsarbeid i sektoren. Dette gjeld også Forsvarsbygg, og kjem til syne i det nye målbiletet vårt frå og med 2017, der eit eige mål er via evna vår til å understøtte den operative evna og beredskapen til forsvarssektoren. Forsvarsbygg forsterka tryggleiksorganisasjonen vår i 2015, og vi har vidareutvikla denne ytterlegare i 2016, mellom anna ved å styrke og standardisere prosjekt- og leverandørtryggleiken.

BEREDSKAPSARBEID

Vi har vidareutvikla eigne beredskapsplanar, og bidreg i planprosessane for Forsvaret, og i felles beredskap med allierte. I 2016 deltok vi saman med Forsvaret i kriseøvinga Gram, og i felles IKT-beredskapsøving for offentleg sektor. Noreg

skal vere vert for NATO-øvinga Trident Juncture 2018, og Forsvarsbygg er i gang med forebuingane til dette.

NASJONALT KOMPETANSESENTER FOR SIKRING AV BYGG (NKSJ)

Rådgjevingseininga vår for vern og sikring av eigedom, bygg og anlegg, opplever stor etterspurnad, både frå forsvarssektoren og sivil, statleg sektor. Dette har gjeve høgt aktivitetsnivå innan rådgjeving, prosjektering, risiko- og sårbarheitsanalysar og forskning- og utviklingsprosjekt. Forsvarsbygg jobbar kontinuerleg med å vidareutvikle kompetansen, for å ivareta rolla vår som nasjonalt kompetansesenter. Vesentlege prosjekt i 2016 var sikring av ny kampflybase og framskoten base for dei nye F-35-flya til Forsvaret, samt sikring av nytt regjeringskvartal. I 2016 arrangerte kompetansesenteret ein stor konferanse om sikring av bygg, og lanserte ei ny utgåve av Sikringshandboka – ei handbok i sikring av eigedom, bygg og anlegg mot terror, sabotasje, spionasje og annan kriminalitet.

INFORMASJONSTRYGGLEIK

STYRINGSSYSTEM

Informasjonstryggleiksstyring inngår som ein integrert del av styringssystemet til verksemda. Vi gjennomfører risiko- og sårbarheitsanalysar for å halde oversikt over risikobiletet, under dette moglege trugsmål og sårbarheiter. Vi vedlikeheld eit høveleg og kostnadseffektivt sett av tekniske, fysiske og personellrelaterte tiltak, for å sikre konfidensialitet, integritet og tilgjengelegheit til informasjonen. Det blir gjennomført tryggleiksrevisjonar for å følgje opp at tiltaka virkar slik dei skal.

CYBERTRYGGLEIK

Forsvarsbygg har følgd opp nasjonal strategi for informasjonstryggleik, samt cyberretningslinjene til Forsvarsdepartementet, gjennom å oppretthalde og vidareutvikle dei teknologiske løysingane, kompetansen og partnarnettverka. Vi tek også del i nødvendige tilpassingar av nasjonal strategi for informasjonstryggleik til særskilde behov i forsvarssektoren.

OPPLÆRING OG BEVISSTGJERING

Forsvarsbygg fokuserer på å gje den enkelte medarbeidar nødvendig tryggleiksopplæring med utgangspunkt i arbeidsoppgåver og ansvar til kvar enkelt. Som eit ledd i arbeidet til Forsvarsbygg med opplæring, haldningar og bevisstgjerings på informasjonstryggleik, arrangerte vi ein tryggleikskonferanse saman med Forsvarsdepartementet og Forsvarsstaben. Innføring i førebyggjande tryggleik inngår også som ein del av introduksjonsprosessen for alle nye medarbeidarar.

KAPITTEL 5

FRAMTIDSUTSIKTER

Forsvarsbygg har frå og med 2017 eit nytt målbilete. Utviklinga av Forsvaret påverkar nærværet til Forsvarsbygg, oppgåvene våre og den interne organiseringa vår. Forsvarsbygg må i åra som kjem kontinuerleg forbetre og effektivisere organisasjonen for å frigjere ressursar til høgare prioriterte aktivitetar.

MÅL L1

UNDERSTØTTE DEN OPERATIVE EVNA OG BEREDSKAPEN TIL FORSVARSSEKTOREN

Forsvaret har behov for eigedomar, bygningar og anlegg som kan fungere i fredstid, krise, konflikt og krig. Eigedomane og organisasjonen til Forsvarsbygg må kunne understøtte nødvendig trening og øvingar på ulike scenario. Som profesjonell forvaltar av eigedomane, bygningane og anlegga til forsvarssektoren, må Forsvarsbygg sjå til å oppretthalde og vidareutvikle prioritert EBA slik at dei understøttar ønska forsvarsevne.

Forsvarsbygg utviklar beredskapsplanane sine i nært samarbeid med Forsvaret og det sivile samfunnet. Vi vil framleis gjennomføre felles planprosessar med Forsvaret og vere i felles beredskap med allierte. Noreg skal vere vert for NATO-øvinga Trident Juncture 2018, og Forsvarsbygg er i gang med førebuingane til dette.

Den endra tryggingpolitiske situasjonen stillar i tida framover eit større krav til Noreg om å vere i stand til å ta ansvar for eigen tryggleik. Det nasjonale kompetansesenteret vårt for sikring av bygg gjer oppdrag for forsvarssektoren, men har også samfunnsviktige oppdrag for andre etatar i statleg sektor. Vi forventar eit høgt aktivitetsnivå innan tryggleiksfagleg rådgjeving, prosjektering, risiko og sårbarheitsanalysar samt gjennomføring av fleire forsknings- og utviklingsoppgåver i tida framover.

Aktivitetane til Forsvarsbygg genererer ein betydeleg informasjonsstraum som i sum kan gjere verksemda til Forsvaret sårbar. Informasjonstryggleiksstyring blir eit viktig satsingsområde i tida framover, og vi tek grep gjennom å vidareutvikle dei teknologiske løysingane for informasjonsflyt i balansen mellom behovet for openheit og vern.

MÅL L2

LANGSIKTIG VIDAREUTVIKLING AV EIGEDOMSPORTEFØLJA

Forsvarssektoren er i ein krevjande økonomisk situasjon, og det blir lagt vekt på ei kraftig styring av den samla pengebruken i sektoren. Forsvarsbygg skal understøtte ei berekraftig og kostnadseffektiv utvikling av Forsvaret ved at eigedomsporfølja effektiviserast og tilpassast den vedtekte basestrukturen. Funksjonelle eigedomar, bygningar og anlegg er ein viktig innsatsfaktor for å auke kampkrafta til Forsvaret. Sentralt i omstillinga er arealeffektivisering,

standardiserte løysingar og auka utnytting av eksisterande EBA. Forsvarsbygg tek denne utfordringa på alvor. Vi skal vere ein tydeleg rådgjevar i behovsvurderingane når ny EBA og basestrukturer planleggjast, og bidra til nøkterne løysingar med låge levetidskostnader.

Eit viktig element i denne samanhengen er å bidra til at Forsvaret seier opp overflødig og upassande EBA. Det ligg eit betydeleg potensiale for avhending i komande langtidspane, som kan frigjere ressursar til prioriterte område i sektoren. Heilskaplege vurderingar og strammare prioriteringar i samspelet mellom tiltak innan vedlikehald, komponentutskifting, nyinvesteringar og avhending vil vere sentralt for at forsvarssektoren skal nå effektiviseringsmåla i åra som kjem.

Forsvaret har eit viktig samfunnsoppdrag. Press frå det sivile samfunnet, samt andre offentlege og private aktørar aukar stadig i form av strengare lov- og forskriftskrav, avgrensingar på verksemd og auka kostnader ved krav i plan- og reguleringsprosessar. Forsvarsbygg vil i åra framover fortsetje å bidra til å sikre at det ikkje stillast strengare krav til Forsvaret enn nødvendig, samt at samfunnsoppdraget til Forsvaret ikkje får strengare vilkår enn annan aktivitet som er naturleg å samanlikne seg med, som til dømes støy frå næringsverksemd eller samferdsel.

MÅL L3

GOD FORVALTNING AV EIGEDOMAR, BYGG OG ANLEGG SOM TILHØYRER FORSVARSSEKTOREN

Forsvarsbygg skal sikre ei berekraftig og kostnadseffektiv ivaretaking av EBA-en til forsvarssektoren gjennom ei lang-siktig verdibevarande forvaltning av eigedomsporfølja. Dette vil seie oppretthalding av bruksverdi, økonomisk verdi og verneverdi, med prioritet på bruksverdi for Forsvaret. Ressursinnsatsen skal ivareta lovpålagde krav for heile portefølja, og prioriterast mot bruksverdi på basar som skal vidareførast i forsvarsstrukturen. Forsvarsbygg skal gje råd, utarbeide planar og gjennomføre tiltak som sikrar optimal ressursutnytting.

Det er ei utfordring å sikre at verdiane for alle EBA-kategoriane oppretthaldast i eksisterande portefølje. Forsvarsbygg vil framover ta eit sterkare grep om styring og kontroll av vedlikehaldsprojekta, og gjere ei tydelegare prioritering av ressursinnsatsen inn mot planlagd vedlikehald. Tiltaka vil gje moglegheit for ei ytterlegare betring i ressursbruken. På oppdrag frå Forsvarsdepartementet har vi difor sett i gang med eit arbeid for å sjå på samhengar mellom

tilgjengelege årlege rammer, og utviklinga i tilstanden på eigedomane. Ein foranalyse blir ferdigstilt i løpet av første tertial 2017. Forsvarsbygg må framover auke medvitet om tilhøvet mellom kjøpte og eigenproduserte tenester for å sikre at ressursane til drift og vedlikehald styrast godt og utnyttast optimalt. Dette vil seie å halde fram utviklinga av innkjøpsstrategiar slik det til no har vore laga for driftsoppgåver.

Forsvarsbygg skal bidra til at ein når nasjonale klimamål, og møter miljøutfordringane i tida som kjem med gode erfaringar frå oppføring av det første nullutsleppsbygget til forsvarssektoren, energireduksjonsarbeid og utskifting av fossile energikjelder.

MÅL Ø1

RESULTAT I HØVE TIL BUDSJETT OG KOSTNADSEFFEKTIV DRIFT AV VERKSEMADA

Omstillinga av Forsvaret, utbygginga av ny kampflybase på Ørland og ein samla base for framskotne kampflyoperasjonar og maritime patruljefly på Evenes vil prege dei økonomiske rammene for Forsvarsbygg denne langtidspanperioden. Forsvarsbudsjetta vil gradvis auke i planperioden, og Forsvarsbygg er avhengig av eit nært og godt samarbeid med brukar og eigar for å kunne utnytte tildelte middel fullt ut. Ein sektor med store strukturelle endringar kan gje Forsvarsbygg utfordringar med å utnytte ressursane maksimalt det enkelte året. Dette vil seie ein risiko for å planleggje prosjekt som kanskje ikkje blir gjennomførte.

Det er elles venta at Forsvaret vil utrangere eigedomar, bygningar og anlegg i eit stort omfang. Det vil vere ei utfordring for planlegging av salsoppdraga at det i ei kraftig omstillingstid ikkje vil vere føreseieleg kor stor oppdragsmengda det einskilde året er.

Økonomisk ressursfrigjerung er ein sentral føresetnad for at også forsvarssektoren sjølv skal bidra til nødvendig finansiering av den framtidige strukturutviklinga. Forsvarsbygg skal i perioden 2017-2020 frigjere 253,7 millionar kroner, for bruk til høgare prioriterte aktivitetar i sektoren. Det pågår ei omfattande intern omorganisering og effektivisering av leiings-, stab- og støttefunksjonar, samt at vi ser på forbetring og effektivisering av arbeidsprosessane våre. Iverksetjinga av ny intern organisasjonsstruktur skjer allereie første halvår 2017, og det vil skje eit kontinuerleg forbetningsarbeid gjennom heile langtidspanperioden. Utfordringa framover vil vere å halde eit høgt trykk på eksisterande produksjon parallellt med interne endringar og forbetringstiltak. Ein stor del av omsetninga vår er kjøp i marknaden. Vi vil i tida

som kjem profesjonalisere innkjøpsfunksjonane våre for å sikre riktige og verdiskapande leveransar.

MÅL I1

KONTINUERLEG FORBETRING OG EFFEKTIVISERING

Det er framleis eit potensial for å redusere dei årlege drifts- og investeringskostnadene til sektoren knytte til EBA. Forsvarsbygg må tilpasse verksemda, organisasjonen og lokaliseringa vår som ein konsekvens av både strukturavgjerder og andre endringar i behova og etterspurnaden til forsvarssektoren. Vi realiserer delen vår av vinstpotensialet gjennom mellom anna organisasjonsendringar, reduksjon i leiings-, stabs- og støttefunksjonar samt effektivisering av interne prosessar. Ein ny og slankare hovudstruktur for verksemda er på plass i løpet av våren 2017, og bemanninga vil bli tilpassa ny struktur og oppgåvemengde. Krava til innsparing er monalege, og vi kan ikkje utelukke noko overtalighet.

Parallellt med effektivisering av administrative funksjonar og utvikling av ny organisasjonsstruktur, jobbar Forsvarsbygg med å utvikle ein organisasjonskultur prega av kontinuerleg forbetring. Det er sett i gang eit eige internt program kalla FLYT, der vi ved bruk av lean-metodikk jobbar med prosessforbetringar, medarbeidarinvolvering og læringskultur.

Eit viktig verkemiddel for effektivisering og omstilling i forsvarssektoren har vore etableringa av ein forvaltningsmodell med prinsipp om kostnadsdekkande leige. Det viktigaste bidraget til Forsvaret for å kunne redusere utgiftene til EBA er nøkterne behovskildringar og fortløpande utrangering av EBA som det ikkje lenger er behov for.

Forvaltningsmodellen er meint å skulle gje gode incentiv i styring av ressursar brukte til EBA. Synleggjering av incentiva er ei av utfordringane med modellen. Forsvarsbygg er kjent med at modellen skal evaluerast i denne langtidspanperioden, og trur dette kan gje sektoren innsikt til forbetringar av modellen.

NYTT ORGANISASJONSKART

NY ORGANISASJON IMPLEMENTERAST I LØPET AV FØRSTE HALVDEL AV 2017.



DIREKTØR

Svein Thorbjørn Thoresen

STABAR



EIGEDOMSSTYRING
Håkon Øberg (fungerande)



VERKSEMDSTYRING OG ØKONOMI MARIT
JAKOBSEN LEGANGER (FUNGERANDE)

AVDELINGAR



KAMPFLYBASE
Olaf Dobloug



PROSJEKT OG AVHENDING
Erik Øimoen (fungerande)



EIGEDOMSFORVALTNING
David Halvorsen (fungerande)



RESSURSSENTER
Steinar Lie (fungerande)

ÅRSREKNESKAP

Forsvarsbygg avlegg rekneskap etter to finansielle rammeverkt, det vil seie kontantrekneskap etter vilkåra i statsrekneskapen og periodisert verksemds-rekneskap i samsvar med dei statlege rekneskapsstandardane (SRS).

LEIINGSKOMMENTAR ÅRSREKNESKAPEN 2016

FØREMÅL

Forsvarsbygg vart oppretta i 2002 og er underlagt Forsvarsdepartementet. Samfunnsoppdraget til Forsvarsbygg er planlegging, innkjøp, drift og avhending av forsvarssektoren sine eigedomar, bygg og anlegg (EBA) med føremål om å understøtte målsetjinga om å etablere eit forsvar for tida vi lever i. I tillegg forvaltar Forsvarsbygg militære festningar med føremål om å skape nytt liv på historisk grunn. Årsrekneskapen utgjer del VI i årsrapporten til Forsvarsbygg.

STADFESTING

Forsvarsbygg avlegg rekneskap etter to finansielle rammeverk, det vil seie kontantrekneskap etter vilkåra i statsrekneskapen og periodisert verksemdsrekneskap i samsvar med dei statlege rekneskapsstandardane (SRS).

Årsrekneskapen er avlagt i høve til vilkår om økonomistyring i staten med tilhøyrande rundskriv frå Finansdepartementet (R-115) og krav fra Forsvarsdepartementet i instruks om økonomistyring. Eg meiner rekneskapen gjev eit dekkjande bilete av Forsvarsbygg sine disponible løyvingar, rekneskapsførte utgifter, inntekter, eigedelar og gjeld.

RESULTATDISPONERING

Forsvarsbygg har i rekneskapen for 2016 overført totalt 1050 millionar kroner kontant til eigar, av desse utgjer 414 millionar kroner netto overskot ved sal av EBA. Resterande 636 millionar gjeld overført overskot frå kontantrekneskapen, av desse inngår tilbakeføringa av kapitalelementet på leigeinntekta.

Totalt hadde Forsvarsbygg eit driftsresultat på 1 318 millionar kroner i 2016, som utgjer 14 prosent av den totale omsetninga. Hovuddelen av SRS-resultatet på 1 067 millionar kroner gjeld utfakturert leigeinntekt knytt til kapitalelement i husleiga. Resultatet tilbakeførast som heilskap til eigar. Husleigemodellen med fakturering av eit kapitalelement i leiga er etter SRS ikkje resultatnøytral, då kapitalelementet inngår som ein del av driftsresultat for året. Frå og med 2017 er kapitalelementet i husleige vedteke avvika.

Forsvarsdepartementet har vedteke at Forsvarsbygg skal avvike reinholdstenester. Eineretten og plikta som Forsvarsbygg har hatt til å levere reinholdstenester til Forsvaret opphøyrd difor 30. april 2016. Tenesteområdet representerte ei årsmsetning på cirka 340 millionar og om lag 340 årsverk.

VURDERING AV LØYVINGSREKNESKAPEN

Dei samla løyvingane til Forsvarsbygg i 2016 var 7 155 millionar kroner. Totalt er 95 prosent av tilgjengeleg ramme brukt i driftsåret og gjev samla sett eit mindreforbruk.

Driftskapitla viser ei mindreutgift på 19,7 millionar kroner. Kontantresultatet på 4719 post 47, sal av eigedom, bygg og anlegg var 414 millionar kroner mot ei ramme på 396 millionar kroner.

Kampflybaseprosjektet har hatt ei betydeleg lågare omsetning enn tilgjengelege rammes, totalt 377 millionar kroner. Mindreforbruket kjem mellom anna av forseinkingar i prosjekt der betalingar forventa i 2016 er forskuva til 2017. For andre investeringspostar er det berre mindre avvik.

MELLOMVERANDE

Mellomverande med statskassa utgjorde per 31.12.2016 44,6 millionar kroner. Oppstillinga av artskontorrapporteringa viser kva slags gjeldspostar mellomverande består av.

TILLEGGSOPPLYSNINGAR

Riksrevisjonen er ekstern revisor og stadfestar rekneskapen for Forsvarsbygg. Årsrekneskapen er ikkje ferdig revidert per dags dato, men revisjonsmeldinga er rekna å føreliggje i løpet av 2. kvartal 2017. Meldinga er unnateke offentleg innsyn fram til Stortinget har motteke Dokument 1 frå Riksrevisjonen. Meldinga vil bli publisert på sida til departementet så snart dokumentet er offentleg.

Oslo, 03.02.2017



Svein Thorbjørn Thoresen

Direktør

FORSVARSBYGG

RESULTATREKNESKAP

TAL I 1 000 KRONER	NOTAR	31.12.16
DRIFTSINNEKTER		
Inntekt frå løyvingar	1	1 925 326
Inntekt frå tilskot og overføringar	1	60 779
Inntekt frå gebyr	1	0
Sals- og leigeinntekter	1	4 682 686
Andre driftsinntekter	1	297 480
Sum driftsinntekter		6 966 271
DRIFTSKOSTNADER		
Varekostnader		3 266 885
Lønskostnader	2	920 575
Avskrivningar på varige driftsmiddel og immatrielle eigedelar	3, 4	1 166 776
Nedskrivningar av varige driftsmiddel og immatrielle eigedelar	3, 4	-85 760
Andre driftskostnader	5	379 318
Sum driftskostnader		5 647 794
Driftsresultat		1 318 477
FINANSINNEKTER OG FINANSKOSTNADER		
Finansinntekter	6	10 720
Finanskostnader	6	1 645
Sum finansinntekter og finanskostnader		9 075
Resultat av aktivitetar i perioden		1 327 552
AVREKNINGAR OG DISPONERINGAR		
Avrekning med statskassa (bruttobudsjetterte)	7	1 327 552
Sum avrekningar og disponeringar		1 327 552
INNKREVJINGSVERKSEMD OG ANDRE OVERFØRINGAR TIL STATEN		
Avgifter og gebyr direkte til statskassa		
Avrekning med statskassa innkrevjingsverksemd		
Sum innkrevjingsverksemd og andre overføringar til staten		0
TILSKOTSFORVALTNING OG ANDRE OVERFØRINGAR FRÅ STATEN		
Utbetalningar av tilskot til andre		
Avrekning med statskassa tilskotsforvaltning		
Sum tilskotsforvaltning og andre overføringar frå staten		0

BALANSE PER 31. DESEMBER

TAL I 1 000 KRONER	NOTAR	31.12.2016	01.01.2016
EIGEDLAR			
A. Anleggsmiddel			
1) Immatrielle egedelar			
Forsking og utvikling			
Programvare og liknande rettar			
Immatrielle egedelar under utføring	3	14 410	17 153
Sum immatrielle egedelar		14 410	17 153
2) Varige driftsmiddel			
Tomter, bygningar og annan fast eigedom	4	36 648 650	36 514 370
Maskiner og transportmiddel	4	19 657	17 249
Driftslausøyre, inventar, verktøy og liknande	4	36 499	32 917
Anlegg under utføring	4	4 262 460	2 997 087
Infrastrukturegedelar	4	2 474 638	2 517 061
Sum varige driftsmiddel		43 441 904	42 078 684
3) Finansielle anleggsmiddel			
Investeringar i aksjar og lutdelar			2
Obligasjonar			
Andre fordringar			
Sum finansielle anleggsmiddel		0	2
Sum anleggsmiddel		43 456 314	42 095 839
B. Omløpsmiddel			
1) Behaldningar av varer og driftsmateriell			
Behaldningar av varer og driftsmateriell			
Sum behaldning av varer og driftsmateriell		0	0
2) Fordringar			
Kundefordringar	8	53 580	97 729
Opptente, ikkje fakturerte inntekter	9	492 352	275 527
Andre fordringar	10	106 246	55 235
Sum fordringar		652 178	428 491
3) Bankinnskot, kontantar og liknande			
Bankinnskot			
Kontantar og liknande			
Sum bankinnskot, kontantar og liknande		0	0
Sum omløpsmiddel		652 178	428 491
Sum egedelar		44 108 492	42 524 330

TAL I 1 000 KRONER	NOTAR	31.12.2016	01.01.2016
KAPITAL OG GJELD TILHØYRANDE STATEN			
C. Kapital tilhørende staten			
1) Verksemdskapital			
Sum verksemdskapital		0	0
2) Avrekningar			
Avrekna med statskassa (bruttobudsjetterte)	7	-44 583	-38 970
Avrekna med statskassa (1990, IB)	7	-222 896	-130 876
Sum avrekningar		-267 479	-169 846
III Staten si finansiering av immatrielle eigedelar og varige driftsmiddel			
Staten si finansiering av immatrielle eigedelar og varige driftsmiddel	3, 4	43 387 247	42 028 518
